

Kyrkje klokka

Nr 3 - 2023

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

87. årgang

Temanummer om sorg og sorgarbeid



INNHOLD:

- Artiklar om sorg og sorgarbeid - fagartiklar og personlege opplevingar og tankar.
- Faste spaltar - Langs vegen, Liturgisk hjørne, Under open himmel, Min salme.
- Bilde frå sommaren og planar for hausten.
- Barnesidene
- Om misjon i Mali/Guinea
- Den «andre altartavla» i Nedstryn

*Kom til meg, alle de som slit
og har tungt å bere; eg vil gje
dykk kvile!* (Matteus 11.28)

Foto: Jarle Hessevik

Dagens andakt

v. Kaare Michael Christoffersen

For lenge, lenge siden, i landet Langtbortivold, på et lite fjell, i et lite hus, bodde det en gutt som het Pål Eit. I det lille huset (som forresten var knallblått) bodde også faren og moren til Pål - Herr Haral Eredel Eitet og Fru Staut Eita. Hjemme hos Pål snakket de et språk og i sine barneår hadde Pål lært dette språket godt fra sin mor og far. Han snakket det flytende, vel.. Kanskje ikke helt, det kunne glippe litt her og der, men han følte seg nok så drevet på det.

Ettersom årene gikk og Pål vokste og ble stor kom tiden da han skulle reise ut i verden og finne seg et eget hjem. Først søkte han i sitt hjemland, men han ble fort oppmerksom på noe merkelig. Det var veldig få som snakket det språket han hadde lært i oppveksten. Noen snakket riktignok gebrokne dialekter av det språket han hadde lært, men de fleste snakket helt andre språk. Noen snakket språk med harde gutturale lyder, noen snakket med fløyelsmyke vokaler som nesten svevde på en sky langt over de som ikke snakket det.

Etter hvert lærte Pål seg en del av disse språkene han også. Ja, han ble en riktig språkmester (I følge ham selv i hvert fall), men han kom ikke vekk fra at han savnet det varme språket han hadde lært som barn. En dag, etter timelange økter med det kalde språket «fremmedisk», bestemte han seg. Han skulle dra enda lenger ut i verden for å finne et sted der alle snakket det samme språket, det språket han hadde vokst opp med. Det stedet skulle han kalle hjemme, for det måtte jo være et slik sted! Og det måtte jo være der han hørte til! Men først måtte han hjem til Far Haral og Mor Staut og spørre om de kunne peke ham i riktig retning!

«*Nei, du det vet jeg sannelig ikke*», sa Far Haral. «*Jeg lærte det av Min Mor og Min Far, slik min Mor og min Far lærte det av deres foreldre*». «*Jeg tror kanskje det er en familiegrie*», sa Fru Staut. Det var ikke mer å hente der, tenkte Pål og dro ut på leit i den store verden.

Han lette seg gjennom land etter land, by etter by, dal etter fjell etter dal, trøsket og tråkket han seg videre. Ja, han lette til og med på havets dyp! For hvem vet? Kanskje var språket han lette etter vanlig hos havfruen? Men uansett hvor han kom, var det fremdeles ingen som snakket hans språk, han spurte på de fleste språk han behersket, men ingen av svarene kom på det han lette etter.

Etter en tid kom han til et land fullt av sand og berg og oaser. Etter mange samtaler på mange språk plukket han til slutt opp et rykte, om en merkverdig mann i området som hadde snakket et merkverdig språk til de han møtte! Pål fulgte ryktet over bekker og berg, gjennom ørken og ork, gjennom støv, storm og strev til en liten oase utenfor byen Sandisokk. Der hadde det samlet seg en usedvanlig stor mengde folk. Pål listet seg nærmere. Han hørte noe. Først forstod han ikke helt hva han hørte, fordi han aldri hadde hørt det komme fra andre lepper enn fars og mors, men til slutt var han ikke i tvil. Det som langt bortenfra hadde vært stille hvisking fra en folkemengde var, når han kom nærmere, overdøvende bulder fra et folkehav! Det var språket! De snakket hans språk! Til hverandre!

Han røsket tak i den første han fant, en ung mann ved navn Johannes. «*Jeg har lett siden jeg var en ung mann etter et sted der de snakker dette språket!*» «*Hva er det for slags språk?*» «*Det var der i min oppvekst, men har aldri hørt noe navn på det*». «*Det er det eldste språket*», svarte Johannes. «*Eldre enn tiden selv, men alt for få snakker det i dag*». «*Har dere alltid snakket det språket i dette landet?*» spurte Pål. Johannes lo. «*Nei, og vi snakker vel strengt tatt ikke slik i dette landet. Du skjønner. Dette språket tilhører ikke et land eller en nasjon, det tilhører noe enda større*». Pål ble litt frustrert over svarene han fikk, for de var jo nokså kryptiske. «*Men hvordan har det seg at dere snakker det dersom det ikke er språket her?*» «*Jo*», svarte Johannes. «*Det har seg slik at mesteren vår har gitt det til oss for at vi skal snakke det så mye som mulig*». «*Kan jeg få møte han?*» spurte Pål? «*Velkommen hjem*», svarte Johannes.

Kyrkjeklokka

Les Kyrkjeklokka på nettet: www.kyrkjeklokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret: Jarle Hessevik

Forretningsførar, abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik Rindane 6, 6788 Olden.

Tlf 990 28 076

john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054

Bankgiro 3795 30 05108

Kontingensten er frivillig.

Vi takkar for betaling og støtte.

Olden Kyrkje giver ro i kroppen og lys i øjnene

Skrevet af: Maja Salomonsen, Maria Aaby og Emma Kirk Pedersen, danske teologistudende i praktik i Nordfjord provsti, juli 2023.

Kirken er oplyst af levende lys, et lys yderst på kanten af hver bænk. Og flere kommer til, for en midaldrende mand spørger om han kan få et stearinlys, han kan tænde. Og flere ser, at det er muligt at tænde lys og også de kommer hen og får givet et fyrfadslys. Snart er der levende lys hele vejen op til alteret, der står mellem to store lysestager og under glasmosaikkens farvestrålende lysindfald.

«Vi går ind i kirker overalt hvor vi kommer hen. Vi tænder et lys for vores afdøde forældre,» fortæller Sandra, en kvinde fra Cambridge i England, der er kommet ind med et krydstogtsskip sammen med hendes mand. Sandra er tydeligt berørt af muligheden for at tænde et lys her i Olden Kyrkje.

Mange lys bliver tændt. Og mange fortæller, at de tænder lysene for mennesker, der ikke længere er i blandt dem. Vi tror, at det ikke bare er stearinlyset der tændes, men at der også tændes et lys i dem, idet de tænder lysene. Det ses i deres øjne. De stråler. Og som en af sommerens evangelietekster skriver: «Øjet er legemets lys. Er dit øje klart, er hele dit legeme lyst.» (Matt 6,22)

Nogle tror, de skal betale for at få lov at tænde lys, men det skal de ikke her i Olden Kyrkje. Her er døren



Foto etter avtale med Roger Oldeide, Fjordingen, som intervjuet dei tre i slutten av juli.

åben. Lysene er gratis i dag. Og arkitektonisk signalerer den store bue oppe foran koret, at her er åbenhed. Her er man velkommen til at komme, til at sidde og være. Og det benytter mange sig af. Turisterne dæmper stemmen, når de går ind i kirken, og mange vælger at sætte sig en stund på kirkebænkene.



Foto: Studentane

Framsidebildet

Ein dag kom eg ruslande på vegen forbi Speidarhuset på Øyra. Bjørn Skarstein, som bur i nærleiken, hadde felt eit stort tre og han ropte til meg: «Kom og sjå!»

Eg kom - og såg! Der Bjørn hadde kappa stokken, kom det til syne eit kunstverk av skaparen si hand, og eit bibelvers dukka umiddelbart opp: «Kom til meg...»
(Merk: Bildet er ikkje retusjert)

Takk til alle som betalar bladpengar til Kyrkjeklokka.

**Bladpengar er frivillig og kan betalaast til
VIPPS nr 583131
eller til konto 0538 18 51054**

Takk også for gåver til kyrkjebladet.

Vi taler med flere, der har besøgt kirken tidligere. Mary og Gordon Lund fra England besøgte Olden Kyrkje for 7-8 år siden og ville gerne se den igjen. De fortæller, at de om en uge har 46 års bryllupsdag, og at deres bryllup er det bedste minde de har fra en kirke. Debbie og Poul, der også er fra England, besøgte også Olden Kyrkje sidste år og kom nu tilbage med et ønske om at tænde et lys for deres søns bedstefar, som de har mistet for en uge siden. Olden Kyrkje har ikke kun betydning for folk, der bor i Olden, men også for folk, der bor helt i England.

Samtlige turister beskriver kirken som et fredfyldt sted, som de opsøger, fordi her er ro, stilhed og mulighed for at reflektere i det smukke rum, som kirken er. Når de går ud af kirken igjen er det med en smule mere ro og lys i øjnene.

At kirker er gængse turistmål skyldes flere ting. På den ene side afspejler den lokale kirke den lokale kultur et givent sted. På den anden side bærer hver kirke en universalitet i sig. Selvom kirker ser forskellige ud verden over, er der en genkendelighed over dem. Her er den samme ro, den samme hellighed. Det er den samme Ånd, der hviler over kirkerne. Kristendommen udtrykker sig forskelligt i forskellige kulturer. Turisterne kommer fra forskellige traditioner og konfessioner, nogle er anglikanere, nogle er katolske, men Kristus er den samme. Kathy fra London peger på teksten under alterbilledet «*Han er opstanden*» og spørger om det betyder «*He is risen*»? Hun forsøger at udtale teksten på norsk og lykkes imponerende godt med det. Den opstandne Kristus er den samme verden over.

Lysene der tændes i kirker over hele verden er små

lys, som vi kan tænde overalt, fordi Kristus, Guds lys, er kommet til os. I kirken går vi ind for at tænde et lys, men også for at lade Gud tænde lys i vores liv. Altertavlen viser den opstandne Kristus. Det ligner, at Han taler til os, at han er ved at sige noget vigtigt. Kirkebænkene i kirken er måske det sted, hvor vi finder ro nok til at kunne høre, hvad han vil os. Her under altertavlens påskemorgen, tænder Kristus lys i os, så det kan mærkes som en ro i kroppen og ses som et lys i øjet.

På et tidspunkt sætter Emma sig ved klaveret og vi spiller og synger lidt. Også musik giver ro. Og mange salmer kendes over store dele af verden. Bl.a. salmen «Påskemorgen slukker sorgen», hvor første vers beskriver lidt af det der sker i os, når vi får lov at tænde et lys, og når vi sidder på kirkebænkene og lader Kristus tænde lys i os.

*«Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.»*

I Olden Kyrkje oplever turisterne kristendommen, som den kommer til udtryk lokalt her hos os og de bliver mødt af Kristus, Lyset og Livet, som er den samme over hele verden. I kroppens ro og i øjnenes lys bærer de lidt af påskemorgens lys med sig tilbage til krydstogsskibet.

Lystening i kyrkja - ein merknad til teksten over



Foto: J. Hessevik

Artikkelen som dei danske studentane har skrive, legg vekt på kor verdfullt og godt det kan vere å få tenne lys i kyrkja. Det er lange tradisjonar for å tenne lys på altaret under gudstenester og andre kyrkelege handlingar, og dåpslyset har lenge vore ein del av dåpsliturgien. Dei siste tiåra har det i tillegg blitt meir vanleg at ein sjølv kan tenne eit lys t.d. i ein lysglobe.

Av brannvermsmessige årsaker kan det vere grunn til å minne om at lystening i kyrkja alltid forutset at der er vakter til stades.

Når kyrkjene er opne for turistar om sommaren utan fast tilsyn, er det aldri stearinlys tilgjengeleg. Når det blir tent lys i kyrkja, skal det alltid skje under oppsyn, og det blir brukt lyestakar som gjev forsvarleg vern av inventaret.

Kyrkjeeverja



Kyrkjeverja

Andreas – vår mann i Trusopplæringa

Presentert/intervjuet av kyrkjeverja.

Andreas Kråkenes (33) starta 1. august i eit årvikariat som Kyrkjelydsmedarbeiter, og har gått inn i jobben med liv og lyst! Han har alt vore med på fleire gudstenester og er godt i gong med både konfirmantarbeid og andre oppgåver.



Kan du kort fortelje litt meir om kven du er?

Eg er gift med Lene Åbrekk Kråkenes og har tre born. Levi (10), Naomi (7) og Nathanael (1). Eg er oppvaksen på Maura i Nannestad, og har alltid vore ein aktiv gut som spelte mykje fotball, hockey og gjekk langrenn. Sjølv om alderen stig, er eg framleis like barnsleg og leiken som eg var då er var ungdom. Kor vidt det er til glede for alle, er det delte meningar om i familien. Elles har eg over gjennomsnittet konkurranseinstinkt og drakk mest truleg meir kaffi enn vatn.

I sommar flytta vi frå Volda til Olden og garden der kona mi har vaks opp. Eg er spent på å sjå korleis kvardagen utfaldar seg og bli betre kjend med både bygd og folk i området.

Eg studerte til å bli lærar, og har ein bachelor i kristendom og idrett samt eit årsstudium i musikk. Dei to siste åra har eg arbeidd med barn og unge i Pinsekyrja i Volda, og før dette var eg miljøarbeidar på ein kristen grunnskule i Herøy. Eg ser fram til å ta i bruk evner og utdanning i arbeide med barn og unge her i Stryn kommune.

Korleis opplevde du di eiga konfirmattid?

Mi eiga konfirmattid opplevde eg som ei kjekk tid. Eg skal være ærlig og sei at eg var nok nok ikkje den som sat rolegast under

Kyrkja i indre Nordfjord



Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: og besøksadresse:

Rognhaugen 11, 6783 Stryn

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag
kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri. tlf 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høibye, tlf 413 75 495

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik

Prestevikar Beate Nes, tlf 986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

For Innvik og Olden

Prestevikar Kaare Michael Christoffersen,
tlf 404 73 335 - kaare.michael.christoffersen@stryn.kommune.no

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes, tlf 986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydsmedarbeiter Andreas Kråkenes,

tlf 922 80 026

andreas.krakenes@stryn.kommune.no

Volda kyrkjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl. 10.00–14.00
onsd kl 10:30–14:00

Kyrkjeverje Jostein Stråbø, tlf 916 63 549

kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

Hornindal sokn

Per Kristian Hovden Sætre, tlf 957 69 292

per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Framhakd frå s. 5

undervisninga, men eg sat nok også inne med nokre store spørsmål som eg var for redd til å spørje om. Elles var vi på konfirmantleir som er hugsar var veldig kjekt!

Noko anna som eg hugsar godt og som eg har hugsa på i seinare tid er bibelverset eg fekk skrive inn i bibelen min. Det var frå bergpreika: Matt. 7, 5-7: «*Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk. For kvar den som bed, han får; og den som leitar, han finn, og den som bankar på, skal det latast opp for.*»

Korleis har dei første vekene i nye jobben vore?

Det er alltid spennande med ein ny arbeidsplass og det har vore mykje å få oversikt over, men heldigvis har eg fått god hjelp i kollegiet. Eg har allereie fått

vore med å arrangere gudsteneste for dei som skal starte i første klasse, treft konfirmantane og no står krøllesamling for 2 åringane for tur. Ein fartsfylt men god start, slik eg likar det!

Har du spesielle forventningar og/eller draumar for året som kjem?

Eg drøymer om at barn og unge skal få eit møte med den levande Jesus og at dei skal vite at dei er ønska og elskaa av han. Eg drøymer også at unge menneske skal få ein lengsel etter å bli kjent i Guds ord.

Og så har eg eit håp om at vi kan få til nokon opne kveldssamlingar for ungdom, der vi snakkar om tru, bibel og kanskje syng litt lovsong også!

Vi er glade og takksame for å ha fått Andreas på laget og ynskjer han og heile familien velkomne til indre Nordfjord!

Kari Synnøve Muri

Gunn-Jorun vigsla til prest



Frå venstre: Kari Mangrud Alsvåg, biskop i Borg, Gunn-Jorun Roset Sunde og Henny Koppen, sokneprest i Stryn. Foto: Privat

Laurdag 2. september vart Gunn-Jorun Roset Sunde, frå Roset i Blakset vigsla til prest i Ullensaker kirke, som har vore hennar kyrkjelyd dei siste 20 åra. Det vart ein strålande dag med vigslingshøgtid i kyrkja og fest kring kaffibordet etterpå. Gudstenesta var prega av høgtideleg vigseleremoni, vakker musikk, der døtrene Aurora og Linnea var delaktige på saxofon og euponium, og ei glitrande god preike, framført av Gunn-Jorun sjølv.

Under kyrkjekaffien, der det vart servert pølser i lompe, kaker og kaffi, var det talar, gåver og blomar til ordinanden. Det var mange lovord til og om Gunn-Jorun, der det var tydeleg at ho alt har sett gode spor som ein dyktig, varm og inkluderande prest.

Gunn-Jorun vaks opp på Roset, i Blakset, like ved Nordsida kyrkje. Ho er like gammal som kyrkja, og var ein av dei første som var døypt der. Ho utdanna seg til barnehagelærar, men dei siste åra har ho teke heile teologistudiet samtidig som ho har vore i jobb som kateket, og delteke i frivillig arbeid i kyrkjelyden. To år på rad hadde ho sommarteneste i kyrkja i Indre Nordfjord, så vi veit at den kyrkjelyden som får henne til prest, er svært heldige.

Kyrkjeklokka gratulerer den nye presten i vår kyrkje og ynskjer alt godt for tenesta vidare.

I juni i år døydde Kjartan Ruset.

Han var son til prestefolket i Nedstryn, Hanna og Nils Ruset, og vart ordinert i Nedstryn kyrkje sommaren 1973.

Kjartan sin siste tenestested var i Nord-Fron, og han var fleire gonger tilbake i Stryn og forretta gudsteneste, seinast på eige konfirmantjubileum. Her er han på eit foto frå ordinasjonsdagen, saman med kona og foreldra.

(Kyrkjeklokka har fått bildet frå Inge Fænn)





Tankar langs vegen ...



Tankar langs vegen - ved Henny Koppen

Ein varm, solfylt dag var eg på veg opp bakkane frå sentrum og opp mot Kreklingen, der eg bur. Like nedanfor prestegarden står det to solide benkar, der ein kan setje seg ned og puste på om det blir nødvendig. Ofte sit det nokon der, og då får eg ein hyggeleg prat med den som sit der.

Denne dagen sat der fleire menneske. Ola og Ingrid Berge, som bur like i nærleiken, hadde teke med seg bord, ripskake, biscotti, krem, kaffi, fløyte, kopper, serviettar og tallerkar. Og så hadde dei vore innom omsorgssenteret og invitert med seg vene som bur der. Eg vart også invitert til å slå meg ned, noko eg sjølvsagt gjorde. Det vart eit skikkeleg hyggeleg (og velsmakande) avbrekk på heimturen min.

Eg har ofte sakna eit diakoniutval i kyrkjelydane mine, nokon som tenkjer på korleis dei kan fylgle opp menneske som har mista nokon, menneske som er åleine og kanskje ikkje kjem seg så mykje ut. Eit slikt utval kan ha mange oppgåver, og aller helst skulle

dei vere leia av ein diakon, som har omsorg og tilrettelegging av gode tilbod for alle, som si oppgåve. Når eg vandra vidare etter stoppet nedanfor prestegarden denne dagen, tenkte eg at diakonien lever i Nedstryn likevel. Den eksisterer på tross av alle stillingar og utval som ikkje finst, for her er det menneske som tek grep fordi dei vil det, fordi dei ser at det trengs.

I eit temanummer om sorg passar denne forteljinga. For sorga rammar oss på ulikt vis. Vi tenkjer oftast på det som tap av menneske som sto oss nær, men vi sørger også over tap av helse, fridom, vennskap, eigedom, krefter. Kor godt då at nokon tenkjer på den som treng det, går på besøk, tek ein telefon, kjem med ein blomsterbukett, inviterer til ein biltur, eller som Ingrid og Ola; hentar gamle vene ut i sola for ein kaffikopp og eit stykke ripskake. Dette er diaconi i praksis, og livet er praksis.



Nedstryn kyrkje har fått ansiktsløfting ved at vestveggen er blitt måla . Paul Zuidam og hjelparar gjorde ein god jobb med ein vegg som var veldig nedsliten og stygg. Resten av bygget står for tur med måling om eit par år.


Sidedørene skal og reparerast og målast før haust og vinter set inn.

Dei nye rekkverka kjem godt med for å kunne ta eg trygt fram.

Og på utegudstenesta 16.juli på Per Bolstads plass vart kyrkja sitt nye «friluftskapell» teke i bruk.

Organist Anders, to danske studentar, Hege og klokkar Alis.

(Foto: Margaret V. Flo)



Frå sommaren

Søndag 25. Juni var det friluftsgudsteneste på Erdalsetra, og med sol frå klar himmel kunne ikkje råma kring "Skaparverkets dag" bli betre.. også preiketeksta, Matt. 10, 29-31 hadde utgangspunkt i dette. Liturg for dagen var Beate Nes og ho hadde med seg ektemaken Knut Sverre Nes som tok ringinga på strak arm. Han var og stødig å ha som forsongar på salmane og bidrog og med solosong. Berta Urke Berge var medhjelparliturg og etter gudstenesta inviterte ho heile flokken, som talde 9 personar, bort til selet på kaffi. Beate Nes hadde med heimebaka kjeks så dette vart, alt i alt, ei fin stund på setra.

(Foto: Kathrina Flo)



Utegudsteneste i Bombeneset søndag 27.08.23 med konfirmantpresentasjon.

Oppen t.v.: Konfirmantane f.v. Kristin Kirkeeide Sunde, Andrea Lindvik, Inga Hjelmeseter Garlid, Kaja Haugen Sønsterudbråten, Mathea Holien Bø, Sandra Erdal og Gard Skåre Hogrenning.

Anders V. Kvile og Kari Nielsen Berge ser ut til å ha det triveleg. Og i litt grått ver kunne ein søkje inn under 4H sin gapahuk.

(Foto: Beate Ø. Glomnes)

Til venstre: Den årlege gudstenesta med konfirmantpresentasjon ved «Solvang» i Bødal 1.09.

(Foto: Jorun Brattaker Loen)

Nederst: Frå Friluftsgudsteneste på Prestestøylen i Innvik der Kåre prest fekk prøve seg på å skyt blink med pil og boge.

(Foto: Geir Ståle Vatnamo)



Tankar: Maria Roset Sølvberg

Telefonen ringde



Foto: Pixbay

Heilt tilfeldig stod mobilnettet på denne dagen, så eg høyrd oppringinga på messenger, sjølv om eg var ute på tunet. Det var ei oppringing på gruppesamtalen mellom mamma og alle oss sju søskena og hjartet mitt banka. Ein etter ein dukka alle fram på skjermen og legen og mamma i ei av rutene. «*For ein rikdom! For ein flott barneflokk du har!*», hugsar eg at legen sa til mamma. «*Og alle er der for deg på nokre sekund!*» Eg hugsa at mamma nikka og smilte til oss. Men vi skjønte at vi ville få ein vond beskjed. Mamma hadde vore ut og inn av sjukehuset den siste tida og no sa legen: «*Det er mykje som tyder på at Grete ikkje har så lenge igjen å leve. Det kan vere snakk om dagar eller veker*» Auga mine vart fulle av tårer og bilda på skjermen forsvann for meg. Eg ville helst skrike høgt. «*Grete har eit siste ønske*», sa legen. «*Ho ønskjer å kome heim til alle sine og få vere ilag med dokke den tida ho har igjen. Eg fryktar at vi har därleg tid og at det kan gå fort, så difor må ho få kome heim i dag, når ho framleis er i stand til det. Trur de at de kan klare dette?*» Nokre dagar igjen? Døy heime? Dette var ikkje sant! Eg klarer det ikkje. Det er ikkje rettferdig at mamma skal døy ifrå oss no! Eg håpte det var ein draum, eit mareritt som eg skulle vakne ifrå. Det var det dessverre ikkje.

To av søstrene mine er sjukepleiarar, men dei hadde ikkje så mykje erfaring med smertepumpe, noko mamma måtte ha siste tida. Dei tok likevel på seg dette ansvaret med vissheit om at dei skulle få opplæring i bruk og kunne ringe og spørje palliativt team i Førde om hjelp.

Eg er glad for at mannen min stod ved sida mi då eg fekk denne bodskapen. Eg grein og grein og det var godt å ha ei skulder å grine på. «*Eg reiser til Roset og fyrer i ovnen, og måkar trappa og vegen fri for snø, snufsa eg gråtkvalt*». Korleis skal ein førebu seg på ein slik siste heimkomst? Det var midt under koronapandemien, januar 2021, og ingen skulle møtast. Det gjorde dette ekstra vanskeleg og utfordrande. Med ein bror som venta på koronasvar i Trondheim og søsken med familie i Oslo som alle skulle møtast no, var dette ikkje etter forskriftene. Og skulle bror min vente på svaret før han reiste frå Trondheim, hadde han nok ikkje vore framme tidsnok. Eg hugsa at mamma seina-re sukka tungt då eg sa han ikkje kunne kome før fredag. Då sende eg han ei melding: «*Det blir for seint. Korona betyr ingenting i denne samanhengen uansett. Berre kom!*»

I all hast pakka familiene bilane og reiste i retning Stryn. Heldigvis var januarver og meldingar gode, trass alt. Ei av systrene mine fortalde at ho nekta å pakke ned svarte klede til gravferd. Det vart for tøft, sjølv om ho visste at turen kom til å ende slik.

Trappa heime er bratt og glatt. Eg skrapa vekk isen og strødde på sand, slik at ambulansepersonellet ikkje skulle skli i alle fall. Søstera mi som jobbar i heimesjukepleien hadde kontakt med hjelpemiddelsentralen og vi fekk raskt på plass ei god heve- og senkeseng som stod klar til mamma kom heim. Det nye badet som var tilpassa rullestolbrukarar vart ferdig like før jul i håp

om at mamma skulle kunne bruke det. Det rakk ho aldri. Med to søner som snekkarar hadde huset blitt gradvis betre tilpassa ein alderdom heime.

Tankar og kjensler er ikkje til å beskrive i tida desse dagane. Vi samlast, klemma kvarandre, gret og trøysta. Vi fordelte dag og nattevakter mellom oss og prøvde å ete mat innimellan. Vi stelte mamma slik vi hadde lært i sommarjobben på sjukeheimen i Hornindal der mamma var avdelingsleiar i mange år. Søstrene mine styra med medisin og smertepumpe. Somme tider kjende vi at vi ikkje hadde heilt kontroll.

Kva snakkar ein om i ei slik tid? Mammasov for det meste, men vakna til med eit smil kvar gong nokon kom heim. Og alle kom, og mamma kunne kvile. Det siste mamma sa, var «*Velkommen til oss!*». Då hadde eldste barnebarnet kome fram til Roset etter reisa over fjellet. Eldste søstera mi las frå Salmane og snakka med mamma om dei vanskelege tinga. «*Er du redd for døden?*» Då hadde ho svart: «*Nei, det er eg ikkje. Om eg lever eller dør, så høyrer eg Herren til.*» Det vart trass alt ei trøyst midt i all uvissheita og sorga. Nokre av oss song, andre spela gitar. Høyrsla er det siste som forsvinn før ein dør, så vi song, las og prata, sjølv om ho kanskje sov. Eldte bror min kokte den beste kaffien og ei søster laga dei perfekte eggja. Det var det ho åt siste dagane. Eg hugsa ikkje anna enn at eg klemma, kyssa og kviskra til mamma at eg var glad i henne. Eg prøvde å smile kvar gong ho vakna til, elles var eg mest lei meg og prega av alvoret.

Å vere så mange søskener er ein rikdom, det hadde legen heilt rett i. Men støtta utanfrå var også fantastisk. Spesielt vil eg nemne tante sine rause gryter med betasuppe til heile storfamilien, nybakte rundstykke, pizzasnurrar og kaker. Det å skulle gå på butikken og handle, møte folk, eller bruke energi på å lage middag, klarte ingen av oss. Belastninga blir fort for stor når hovudet er konsentrert om ei døyande mor. At tante visste dette, utifrå eiga erfaring, og gjorde dette for oss, er vi så takknemlege for. For mat må ein ha, kanskje særlig i slike situasjonar. Det var tøft nok som det var, om vi ikkje i tillegg skulle gløyme å få i oss næring og ny energi.

Fire dagar gjekk. Det var på ettermiddagen og dei minste barna var gått ut for å leike i snøen og vi var nokre att inne. Det vart lengre mellom kvar gong ho trekte pusten og vi skjønte at kvart andedrag kunne bli det siste. Og det siste kom. Det var både godt og vondt. Godt at ho slapp å lide lenger, eller bekymre oss for om ho hadde det vondt. Godt å sleppe å vente på døden dag og natt. Vondt å ikkje ha ei mamma, mormor, «Jommo», svigermor og kone ilag med oss lenger.

Men kva skulle vi gjere no? Det var vi vel alle litt usikre på. Legen kom, og vi gav mamma sitt siste stell. Vi ringde gravferdsbyrået og fekk opplysningar om kva som skulle skje vidare.

Det vart ei merkeleg natt. Eg vakna til nattevakta mi, som brukte å starte klokka to. Kroppen var innstilt på å stå opp. Det var heilt stille i huset, og eg måtte fortelje meg sjølv at eg burde sove. Mamma sin kropp låg i stova, men ho var i himmelen no. Eg streva likevel med å sovne. Eg vakna tidleg og gjekk ned trappa. Der sat størbør, med morgenkaffien klar på kanna, som han brukte. Vi gret og var glad vi var fleire som skulle gå inn i stova ilag den morgonen. Så kom dei andre søskena mine. Vi gjekk inn i stova og der låg mamma; og kjensla var god. For ho smilte der ho låg. Det var ingenting å vere redd for. Etter kvart kom sola inn glaset og fuglane kvitra. Det var magisk. Fuglane som ho var så glad i og som vi har lova å passe på, dei var der for å seie farvel. Det kjendest i alle fall slik ut. Det var fint. Alle kom og var samla rundt mamma. Ein av svigersonene leia ei finsamling for oss rundt mamma, og vi song, eller prøvde å synge ilag. Flagget vart heisa på halv stang.

Så gjekk ting slag i slag. Det er mykje som skal ordnast før ei gravferd. Då var det godt med ein god prat med gravferdsbyrået som visste kva vi måtte tenkje på og kva vi og dei skulle ordne. Vi fekk bruke den tida vi trøng og vi kunne ringe når vi ville og fekk alltid hjelp. Det var mykje meir å tenkje på før gravferda enn eg trudde.

Gravferda vart fin. Ein god samtale med presten i forkant, fekk oss til å tenkje høgt om mamma ilag. Og basert på alle historier og tankar, skreiv storesøster eit nydeleg minneord som nokre av oss las i kyrkja. Det er godt å få moglegheita til å gjere mest mogeleg sjølv ein slik dag, og det blir meir personleg når dei nærmaste kan skrive og lese minneordet. Men eg forstår godt at mange gjerne vil overlate det meste til presten denne dagen. Og det kan vere like fint.

Diverre var det restriksjonar og krav til kor mange som var lov å samle i kyrkja, så vi måtte invitere eit fåtal med inn. Då var det kjekt at vi fekk til streaming slik at alle som ville følgje mamma til grava, kunne det. Det var så godt å sjå alle dei som likevel møtte utanfor kyrkja denne dagen. Vener og kollegaer av mamma og oss, var møtt opp. Dei viste omsorg og varme, sjølv på avstand.

Kykjeverja sa ja til ei enkel servering på kyrkjebakken etter gravferda. Mamma let aldri nokon reise frå Rosettunet utan noko «vått eller tørt» som ho sa. Så ein matbit og varm kaffi denne solfylte januardagen på Nordsida, gjorde godt. Familien til mamma, vart også



Foto: J.Hessevik

igjen ein stund. Og huset vart fylt langt utover kva som var innanfor reglane i koronatida. Dei tok vi ikkje omsyn til desse dagane. Varme klemmar og omsorg vart viktigare.

Då eg fekk spørsmål om å skrive til Kyrkjeklokka om dette, vart eg oppfordra til å skrive litt om kva eg kunne tenkje meg å få hjelp til oppi sorga og smarta.

Det som ikkje var godt oppi det heile, er kor ulikt vi vart møtt av våre arbeidsgjeverar. At dei ser så forskjellig på tida ein treng før ein er klare til å møte på jobb etter ei slik oppleving. Min arbeidsgjever var tydeleg på at eg måtte ta den tida eg trong, og ikkje møte før eg var klar. Det var ikkje slik for alle søskena mine. Det å

miste ein av sine nærmeste er ei stor sorg. Sorgbearbeiding tek lang tid. Ikkje minst er det fysisk vondt. Eg har ikkje skjønt kva ordet «Hjartesmerte» betyr, før eg verkeleg fekk fysisk vondt i hjarteregionen under og etter denne tida. I tillegg til at hjartet og hovudet skal bearbeide eit traume, kom det vanskelege papirarbeidet og samtale med bank, få kodebrikker og andre praktiske ting knytt til forsikring og skatt som har dukka opp i ettertid. Det skulle eg ønske at nokon kunne hjelpt til med. Det var frustrerande vanskeleg å kome i kontakt og få godkjenning og tilgang til bank for å kunne hjelpe pappa, som heile tida har vore avhengig av mamma sin kompetanse på feltet.

Eg skulle også ønske at vi kunne hatt ei felles debriefing ilag med palliativt team og gjerne ambulanse eller lege etter ei slik hending. Det er ikkje alltid at «ein sonnar stille inn». Eg var ikkje førebudd på det. Mamma kjende nok ikkje smerte, men eg tenkte mykje på dødsaugneblinken i ettertid og burde snakka med legen om tankar kring denne opplevinga.

Men vi fekk også mykje god hjelp. Så takk for hjelpa til palliativt team, ambulansepersonell, hjelphemiddel-sentral, heimesjukepleie, prest og gravferdsbyrå. Vi er takknemlege for all hjelp denne siste tida, og ikkje mist all omsorg frå familie, vene, naboar og kollegaer når det storma som verst.

Det var fint at vi fekk lov til å dele dei siste dagane ilag med mamma heime. Vi slepp å lure på korleis det var, for vi var der og har ei felles erfaring å snakke om. Det har ein stor verdi å kunne få lov til å vere heime med det nære og dei kjære rundt seg.

Ein kan ikkje førestille seg kor vondt dette er både fysisk og psykisk før ein har vore igjennom noko slikt sjølv. Men det å vise omsorg, spørje korleis det går, gje ein klem eller kanskje bake eit brød til den som sørger, kan vere til god hjelp.



Bunden til jorda og likevel eige håpet...

Foto: J.Hessevik

Liturgisk hjørne:

*Gravferda som felles avskjed,
og kyrkjeleg handling.*

Overgitt i Guds hender.

ved Hege Høibye

**«Handlinga gravferd er fellesskapen si siste teneste
for medlemmene sine.»**

Slik innleier gravferdsboka dei allmenne føresegne-ne for gravferd. Desse føresegne-ne inneheld ein del reglar og retningslinjer for gjennomføringa av ei grav-ferd frå Den norske kyrkja, men også, slik som innlei-inga, seier dei også noko om kva gravferda er meint til å vere, og om kva kyrkja ønsker å formidle gjennom ritu-let.

Gravferda er den siste omsorga vi gir til eit mennes-ke, og uttrykker ein felles avskjed. Korleis vi behandler våre døde, seier noko om kva verdi vi gjev mennesket. Difor er eit av måla med liturgien i gravferda at den skal gje den døde ei verdig gravferd.

Liturgien er i tillegg bygd opp for å uttrykke det som er grunnleggande i den kristen trua: at vi er skapte av Gud. At Jesus døde og stod opp for å frelsa oss ved trua på han. At vi står til ansvar for våre liv, og at vi skal etterreisast i oppstoda av lekamen. Og gjennom alt dette, at når vi overgjev oss til Gud, ber han oss i si mis-kunn.

Gravferda har ein ganske oversikteleg struktur, og mykje kan vi kjenna att frå gudstenester og andre kyr-kyelege handlingar: klokkene ringjer, preludium, inn-gangssong, helsing, bøn, skriftlesing, song, preike, for-bøn. Gravferda har også minneord og helsingar, der vi minnast kven den døde var og kva dei betydde. Og den har jordpåkastinga ute ved grava; det siste kyrkja gjer for sine.

Gravferda er meint til å gje håp og trøyst i sorga, og det er særleg nokre deler som synar det klårare enn andre. Ein er parallellane som ligg til dåpen.

I dåpen ber vi barnet inn i kyrkja. Vi teiknar kross-teiknet over det, bed for det, auser tre handfuller med vatn over hovudet deira, og barnet blir del av kyrkjely-den. Til slutt les vi frå 1. Peters brev:

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!» (1 Pet, 1,3)



I gravferda ber vi den døde ut av kyrkja til grava der dei skal kvile under krossteiknet. Vi bed for dei, vi kastar jord på kista tre gonger, og les dei same orda frå Peters brev. Til slutt lyser vi velsigninga over alle som er samla, og teiknar krossteiknet.

Særleg det at vi gjentek Peters ord både etter dåpen og som nesten det siste i gravferda, peikar mot håpet. Det skal vere ei stigning i gravferda, som peikar forbi grava. Vi har gjort det vi kan for den som er død. No kan dei kvila. Vi skal ikkje gløyme dei – og sorga blir ikkje borte som ved eit trylleslag – men vi har overgjeve dei til Gud.

Og det er den andre tingen eg vil trekka fram ved gravferdsliturgien. I det første presten seier, kjem dette:

«Vi er samla for å ta avskil med (NN). Saman vil vi overgje han/henne i Guds hender»

Dette motivet, at vi overgjev den døde i Guds hen-der, kjem igjen når vi bed. Særleg i den første av bøne-ne vi kan be, er denne overgjevinga tydeleg. I den står det bla: **«Miskunnsame Gud, vi overgjev han/henne i dine hender.»** Og bøna kan avsluttast ved å lese eller syngje overgjevingsbøna som også er ei del av tidebøna vesper – kveldsbøna:

**«I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd.
Du forløyser meg, Herre, du trufaste Gud.
I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd.»**

I vesperen gjev vi oss sjølve til Gud, i gravferda føljer vi den døde ved å overgje oss til Gud samstundes som vi overgjev dei i Guds hand. Og bøna kan også gje stemme til den døde – orda i omkvædet er eit ekko av Jesu ord på krossen før han dør: **«Far, i dine hender gjev eg min ånd»** (Luk 23,46). Vi overgjev oss sjølve og dei vi har mista til Gud, slik Jesus gjorde når han døydde, i håpet om at vi, med han, ein dag skal stå opp frå dei døde.

Espen døydde på konfirmasjonsdagen

Av Gunnhild Egge (mor)

Eg har rota litt i arkivet. Det som møtte meg er alt det tøffe med sjukehus. Espen sin sjukdom, ventesorg og sorg. Og ikke minst den enorme makteslausheta og det faktum at det einaste ein kan gjere er å vente.

DEN SISTE TIDA

Det ligg eln liten ungdom på intensiven på Rikshospitalet.

Han er kobla til ecmomaskin, dialysemaskin, leidningar, målarar og respirator. Maskina pustar for han. Medisinane gjer at han ikke kjenner smerte i den lisje ungdomskroppen sin. Det einaste vi kan gjere no er å vente. Det er heilt grusomt.

Espen hadde 24/7 to hjelparar inne med seg, ein intensiv sjukepleiar og ein barne-intensivsjukepleiar. Vi foreldra og søskena kom og gjekk akkurat som vi ville, heile døgnet. Vi hadde møte med legeteamet stort sett kvar dag. Brørne var med på møte dei også. Det var så viktig at dei fekk høyre frå lege det som vart sagt. For ein ting vi har sett høgt heile vegen – openheit og ærlegdom! Espen fekk sjølv vere med på møte med lege når vi var på sjukehuset i Bergen. Det var jo tross alt hans kropp!

Og medan ein ventar lurer ein på om guten vår kjem tilbake til oss akkurat sånn han var før han vart lagt på maskinene. Vil han smile det finaste smilet igjen? Vil han prate sånn som før? Vil han vere den same Espen?

Tida på sjukehuset gjekk, ein blir frykteleg god på å vente og på å vere tolmodige. Men det som er det verste, det er den uvissa. Den er frykteleg! Du veit ingen ting! Ein må berre ta time for time, går ikkje å ta dag for dag. Du har mest lyst å berre brøøle høgt ut, for du er så redd. Redd for å miste det kjæraste ein har. Men samtidig er du forbanna! Kvifor oss? Har ikke vihatt nok no? Du går med ei slags ventesorg når du går omkring på sjukehuset. Du veit det kan gå begge vegar. Håpet, det har ein heilt til siste slutt! Espen såg når vi var lei oss, og sa til oss; «ikkje ver lei deg, det går fint»!



Profilbilde FB.

KONFIRMASJONSDAGEN

Søndag 15 mai, Espen sin konfirmasjonsdag! Espen skulle vore i kyrkja den dagen, ilag med klassekompisar og venninner og blitt konfirmsert.

Som mor så gjer du det du kan for å klare å oppfylle barna sitt ønske. Det eine ønsket til Espen var å konfirmere seg - han meinte han fekk mest pengar då.

Søndagsmorgenen sendte eg ein sms til Henny (prest) og lurte på om ho kunne konfirmere Espen, sjølv om han ikke var fysisk til stades. Henny svara: «Ja. Vi ber bøna for han og tenner lyset hans». Eg svara tilbake med «Flott» og «tusen takk». De va jo dette Espen ville. Litt seinare same dag fekk eg sms tilbake frå Henny om at det vart veldig fint. Eg måtte liksom ha den siste bekreftande meldinga, og lurte derfor på om det ville seie at han no var konfirmsert? Og fekk bekreftande tilbake at «det vil vi seie»! Då fekk eg meir ro i meg, akkurat som at siste biten i puslespelet datt på plass. Eg hadde oppfylt guten sitt ønske og hadde gjort de eg kunne! No låg ikke resten i mine hender.

Seinare den dagen døydde Espen, vi sat att med senga der han låg, brørne og vi foreldra. Når Espen døydde, så følte eg ein lettelse. Forstår meg rett, ikkje over at han var vekk, men no slapp han meir smerte, ledingar og medisinar. Espen var ein sånn gut at han smilte uansett! Han har ikkje klaga over at han har hatt låkt. Var de nokon som verkeleg hadde hatt lov til å klage, så var de han. Alt den kroppen har gått gjennom.

Men no har himmelen fått ei ny stjerne! Den finaste av dei alle!

HEIMTUR UTAN ESPEN

No skulle vi begi oss ut på noko som vi aldri hadde gjort før. Begravelsesbyrå måtte kontaktast. Valet for vår sin del fall på Fjordferd. Dei ordna ut. Og ære vere dei altså! Respekt! Dei har vore eineståande!

Vi reiste frå riksen 16 mai. Det var liksom ein person som mangla i baksetet! Dette skulle bli vår nye kvardag. Med et barn for lite! Undervegs kontakta Even Dispen oss. Han og ein kollega var på tur til Oslo for å hente heim Espen. Vi stoppa og snakka med dei langs vegen. Prata om laust og fast, og dei fekk vite kva sang Espen digga på Spotify.

Når vi kjem heim på kvelden so går Jørn i rein refleks og skrur på pc-en til Espen. For det var sånn prosedyren var, Jørn skrudde på pc-en medan Espen gjekk på do. Då var pc-en klar til han kom frå do. Men i dag var ikkje Espen der. Han mangla. Eg sende Even ein sms på natta før eg la meg, om dei var komne fram til Oslo. Eg fekk sms med Even litt seinare på natta at no starta turen heim frå Oslo.

17. MAI

Eg vakna av sms fra begravelsebyrået: Kjære Gunnhild og Jørn - Espen er komen trygt heim til Stryn-Tenkjer på dokke.

Varm klem ifrå Even og Silje

Espen var komen heim, og det før salutten gjekk!! Endeleg!! I følge Even er dette ein dag og ein tur han aldri gløymer! Sterkt!

No måtte vi prøve å gjere det beste ut av dagen. Vi hadde bestemt oss for å ta ein biltur, og ein is seinare, i Stryn.

27. MAI BISETTINGSDAGEN

Så var det den nye kvardagen då. Men først var det bisetting. Heldigvis hadde Jørn og Espen snakka om sånne ting. Så det vart enkelt for oss. Espen hadde bestemt at når han døydde, skulle han kremerast. Eg er veldig glad og takknemleg for den ærlegdomen og openheita vi har hatt.

Vi skulle finne gravstein, og fann ein som vi var veldig fornøgd med. På den står de skrive; «*Ikkje ver lei deg, det går fint!*» For det var noko Espen sa til oss når han såg når vi var lei oss.

Så var nok ein tung dag her. Jørn hadde bestemt seg for å seie nokre ord. Sterk type! Når han kom og sette seg etter å halde talen sin er eg sikker på at han hadde over 200 i puls. Eg var utruleg stolt av han at han fekk det til!

Når bisettinga var ferdig skulle Espen direkte til Ålesund på krematoriet, med Even som sjåfør! På veg til Ålesund kunne dei som ville henge seg på, og sleppe når dei ville. Men vi måtte ha et check-punkt og det vart Shell Ørsta! Vi nærmeste vart med til ferjekaia på Festøya. Even er flink! Han sende denne sms-en: «Kjære Gunnhild og Jørn -spelelista til Espen har stått på heile turen oppover og det skal den få gjere heilt til vi er framme. Tenker på dokke.»

Å få sånne meldingar fra begravelsebyrået, det betyr så utruleg mykje og varma mammahjertet.

SORGA HAR INGEN TIDSFRIST

Dei som trur at de finst en tidsfrist når det kjem til SORG, har aldri mista ein bit av HJERTET sitt. Å miste barnet sitt er heilt meiningslaust.

Når det gjeld å verkeleg forstå korleis det følest, trur eg ein må ha opplevd det å miste et barn. Men alle kan lære om reaksjonar og tankar, og kanskje det viktigaste av alt, medmenneskelegheit.

Det er så mange som har sagt til meg at eg er så sterkt som har stått i det her. Men du har faktisk ikkje noko anna val. Og vi alle har det buande i oss, at når ei krise oppstår så klarar ein å mobilisere.

Mange skriv til deg når du mista at DU må seie ifrå om du treng hjelp til noko, handle, vaske og så vidare. Men det er ingen av dei som har mista som tar kontakt. Det er du som venn eller familie som må ta initiativet. Det er du som må kome på døra, viss du verkeleg vil vere til hjelp.



På dette feltet har eg ofte opplevd lita forståing frå omgivelsane, og dette blir opplevd som ei ekstra sterke lastning.

Det vi har gjennomgått dei siste 5 år har vore belastande. Eg seier ofte at eg er sliten. Eg har ikkje vore sånn sliten at ein berre kan legge seg og kvile, for så å vere utkvilt etterpå. Nei, eg er sliten på ein annan måte, sjela er sliten, tankane er heilt ute og køyre. Ting er tøft og det tar på. Det tar på oss som foreldre, det tar på søskena. Ting er rolegare no og då blir det rom til å kjenne etter. Føle.

Det er no eg føle meg så uendeleg åleine. Ikkje fordi eg ikkje har menneske rundt meg som støtta meg, men fordi eg må kjempe mot følelsar svært få kan forstå at eg ber på kvar einaste dag. Låke følelsar. Tap. Frykt.

KVARDAGEN BLIR ALDRI SOM FØR

Mange forventar at no når det har gått ei tid, så skal ein vere som før igjen. Men kvardagen og ting blir aldri som før igjen. ALDRI! For eg får ALDRI sonen min tilbake igjen. Får aldri gje han en nattaklem, aldri snakke meir med han. ALDRI er eigentleg eit sterke ord. Det er så endeleg, på en måte.

Eg kostar stadig vekk under teppet, det eine etter det andre. Det er fullt under der. Det har det vore i mange år. Fullt av elendigkeit eg ikkje orkar å ta stilling til, men som gneg på meg. Ting er tøft. Bursdag, jul og sånnedagar dei går faktisk greitt. Du veit dagen kjem

og kan forberede deg på den. Men ein sang på radio eller ei lukt, sånne ting som minne deg om han - som plutselig dukkar opp. Det klarar du aldri å forberede deg på. Og det er frykteleg låkt.

Etter at vi hadde fått gravstein på plass og sett ned urna reiste eg og Jørn på en 3 vekers lang tur. Vi måtte kome oss vekk for å koble av. Vi måtte sjå andre plassar og få noko anna å tenke på.

Hausten kom og hausten vart til vinter. Det var tungt å vere i Stryn. Uansett kor ein snudde seg, så var det eit kvart som minte oss på Espen. Espen har vi med oss uansett kvar vi er, i hjertet vårt og i minnebanken vår.

Eg sa til Jørn at no må eg vekk, eg må vekk fra Stryn for at eg skal klare å kome meg vidare. Det skjedde fort! Vi reiste frå Stryn med flyttelasset vårt 11. desember. Vi reiste til Hegra i Trøndelag. Der hadde vi fått oss ei flott leilegheit i 2.etasje med flott utsikt. Vi hadde god hjelp av alle tre gutane til å fylle inn i lastebilen. Laurdagsmorgen gjekk turen til Trønderriket. Dei to eldste hadde lastebilen oppover, eg og Jørn hadde personbil. Det var bitande kaldt oppover, vi va faktisk ned i -26 blå. Når vi kom fram kom det berehjelp, og lastebilen vart tømt rimeleg kjapt. Og her oppe var det -19 blå ute.

Her oppe har vi funne oss godt til rette, og eg har faktisk ikkje angra en einaste dag på valet om å flytte. For oss var dette det rette å gjere, og vi hadde anledning til det.



Søken etter mening i sorg

Ingebjørg Isane Fure, diakon i Gloppen

Søkenetter å finne eller skape mening og hensikt er eit psykologisk behov i menneska, hevda Viktor Frankl. Psykiateren Frankl skreiv banebrytande om temaet mening etter å ha gjennomlevd grufulle opplevingar i Auschwitz under 2. verdskrig. Temaet har slege rot i fleire felt utover psykologi, t.d. filosofi, litteratur og kunst. Også forsking innan sorg og tap har sett nærare på korleis sørkjande søker etter mening i etterkant av å ha mista nærliggande personar.¹⁾ Meiningssøken i sorgprosessar har vist seg å vere eit ganske allment og universelt fenomen.²⁾

Dei sorgfaglege perspektiva på mening i denne teksten er ikkje knytt til eitt bestemt livssyn, og overfor sørkjande er vi som kyrkje opptekne av å møte den enkelte med respekt for hennar/hans røyndomsoppfatninga. Samstundes er det naturleg i eit kyrkjeblad å også kommentere meiningsomgrepet i lys av den kristne trua.

Meining

Det er individuelt kva som opplevast som mening i livet, men det er likevel funne nokre trekk som går igjen. Tatjana Schnell er ei som har forska på meiningsomgrepet. Ho trekker fram at *eit meiningsfullt liv handlar om ei oppleving av at livet er samanhengande, betydningsfullt, at det har ei retning, og at ein høyrer til ein stad.*³⁾

Tap av mening

Det er ikkje uvanleg når ein har mista ein nærliggande person at nokre av desse aspekta kan bli rokka ved. Som eit døme kan presten og forfattaren Odd Eidner




nemnast. Han og kona mista barn nummer ein og tre tidleg. I etterkant av at det siste barnet døydde, vart livet mørkt for Eidner. I eit intervju med Egil Svartdahl kjem det fram at namnet Gud assosierte han med «knust glas» i den mørke perioden. Det var noko som gjekk i stykke: «*Livet til dei to ungane, barnetrua hos meg og mitt sjølvbilde. Ja, det var veldig mykje som gjekk i stykke, som ikkje kunne settast saman igjen*», fortel han.⁴⁾ Også Gud vart borte for han.

Sorg er kort sagt reaksjonar på tap, og ulike tap i livet kan gje sorgreaksjonar. Sorg ved dødsfall kan gje utslag i både kjenslemessige, fysiske, kognitive, åtferdsmessige og eksistensielle reaksjonar. Og der i mellom er oppleving av meiningsløyse rekna som ein normal sorgreaksjon.⁵⁾

Å miste ein nærliggande person, kan ryste den enkelte si livsforteljing og oppleving av tryggleik og orden. Notid og framtid blir ikkje det same som fortida. Det blir snakka om eit meiningsbrot eller ei meiningskrise med ulike grader. Dette kan sette i gang ein prosess med meiningsskaping; ein prøvar å reetablere mening i livet.

Ein mørk horisont og ei strime av lys...

Begge foto gratis frå Pixabay. Fotograf: Susanne Jutzeler





Symbol kan ha stor betydning for kjenslene. Her har ein eller annan sett seg ned på vegen opp til Segestad og skrapa fram eit hjarte på svaberget.

Foto: J. Hessevik

menneska.⁸⁾ Undera han gjorde, førte til at Gudsriket vart synleg, men berre som brotstykke fram til det ein dag skal bli fullkome. Jesus viste oss også ein medlidande Gud i livsvilkåra våre.

Både ut ifrå eit kristent livssyn og andre livssyn kan ein heller snakke om å finne mening i eller at det kan skapast mening gjennom tapet, i staden for *meining med*.⁹⁾

Meiningsskapande prosessar

I sorgfaget blir meiningskaping ofte kasta lys over gjennom to dimensjonar; å søke forståing og å finne betydning. Den første handlar om å søke etter grunnar til og perspektiv på dødsfallet, som til dømes at livet er forgjengeleg, eller at den døde slepp å lide lenger. Den andre dimensjonen dreier seg om å vurdere verknadane av hendinga, om der kan kome noko positivt blant konsekvensane. Begge dimensjonane kan i ulike periodar i sorga gje hjelp til tilpassing av tapet.⁶⁾

Den enkelte prøvar å finne mening ut ifrå det overordna orienteringssystemet ein har.⁷⁾ Mange vil kunne tolke det som har skjedd inn i eksisterande oppfatninga ein har på tilværet. Men for andre kan hendinga sprengje desse rammene. Nokre gjev slepp på trua/livssynet ein hadde, medan andre kjempar seg til ein åndeleg vekst over tid, der tapserfaringa gjerne utvidar eller nyanserer perspektiva på tilværet.

Meining med eller i?

I søken etter meiningskaping i det som kan opplevast meininglaust, kan spørsmål om Gud hadde ei meiningskaping med det, dukke opp. I vår kristne tradisjon har det tidlegare ofte blitt forkjent at Gud har ei meiningskaping med det som skjer. For nokre kan det gje trøyst, men for andre har det forsterka meiningskrise og sorga å høyre at det vonde var kontrollert av Gud.

Som menneske forstår vi ikkje alt rundt dei store spørsmåla om Guds allmakt og det vonde. Men teologien har dreia frå å framstille Guds allmakt som kontrollerande og detaljstyrande i alt som skjer, til å sjå Guds allmakt i lys av livsvilkåra som er i vår ufullkomne verd, og i lys av kjærleikens makt som var tydeleg i Jesu liv: Jesus kom som ein tenar, ikkje som ein dirigent over

Eidner fortel vidare at etter ein lang prosess begynte det å kome eit guds bilde tilbake, men ikkje heilt det same som det førre. Han oppdaga den avmektae Gud som lid med i det mørke rommet, ikkje berre den allmektae Gud. Og den skjulte Gud som kanskje var der heile tida. Han omtalar tapa av barna som meiningslause, men snakkar om meining han har funne for livet vidare.

Betydninga av å fortelje

Neimeyer, ein anerkjent sorgforskar, vektlegg at prosessane med å finne meiningskaping i sorg, skjer ikkje berre i ein person, men også mellom menneske, gjennom å dele forteljingar om livet og tapet. Vi treng å få stadfestat gyldigheita av tapsopplevelinga av andre.¹⁰⁾ Som medmenneske kan vi gje den som er i sorg, tid til å fortelje, vi kan anerkjenne det smertefulle, og vere ei støtte i søkeretter meining, enten det dreier seg om søke etter samanheng, å finne betydning, retning eller etter å høre til. Som kyrkje ønsker vi også å vere til hjelp for menneske i denne vandringa.

Kjelder:

- 1) Gillies & Neimeyer 2006: Loss, grief and the search for significance
- 2) Harris 2019, Non-death loss and grief
- 3) Schnell 2009, gjengjeve i Austad 2020, Eksistensielle dimensjoner i sorg
- 4) Plussrat Ep. 3 | med Odd Eidner, www.YouTube.com
- 5) Mogensen og Engelbrektsen 2013, At forstå sorg
- 6) Austad 2020. Neimeyer m.fl. 2014, A Social Constructionist Account of Grief
- 7) Kalla global og situasjonell meining, Austad 2020
- 8) Aalen Lenderts 2005: Når glassflaten brister
- 9) Austad 2020
- 10) Neimeyer m.fl. 2014

SORG – å miste ein son på 27 år

Nokre refleksjonar, av prostiprest Knut Gjengedal

Fredag 18.august ca. kl. 24 får eg ein telefon frå eit ukjend nummer. Eg skulle til å leggja meg og hadde først ikkje tenkt til å ta telefonen, men gjorde det likevel. Ei stemme sa: «Dette er frå Ullevål sjukehus. Er du far til David Gjengedal?» Eg svara, som sant var: «Ja.» Og dama fortalte at han hadde vore utsett for ei fallulukke og låg på operasjonsbordet på Ullevål sjukehus. Det var alvorleg og kunne ende med døden, men nevrokirurgane vil gjere eit forsøk på å lette trykket i hjernen. Eg tenkte at eg ikkje vil takle det, dersom vi miste han. Eg var nemleg sjukmeldt på grunn av psykiske plager og tenkte at no blir det for mykje. «Herre, kvifor skal vi oppleve dette? Kva gale har eg gjort, som fører til dette?»

Det var eit lite håp. MEN: Då vi kom fram laurdag 19.august føremiddag såg vi på augene til sjukepleiarar, lege og prest at dette gjekk ikkje vegen. Eg, kona, dottera vår, vår yngste son og ein ven av familien vart ført inn på rommet der David låg i respirator. Han såg så fin ut og ytre sett såg vi ikkje skavankar, fordi det var bakhovudet som hadde fått trøkket. Vi var i rommet saman med to intensivsjukepleiarar og gråt, kyssa David, heldt rundt kvarandre og bad til Gud. Vi bad Gud om å vekke han opp og hadde han opna augene hadde det nesten verka naturleg, men han gjorde diverre ikkje det.

Vi måtte overgi han til Gud. Det var smertefullt, men naudsynt for oss. Det heile var som ein vond draum. Vår ven bad ei bøn, der vi fekk overgi David til Gud.

Vi var der fleire timer saman med David og før dei skrudde av respiratoren, fekk vi spørsmål frå ein av le-gane om vi kunne vere viljuge til organdonasjon. Vi viste jo ikkje kva David ville meint om det, men trudde at han hadde vore positiv til det. Vi svara ja. Nokre månader seinare kom hjartet, hornhinner etc. til nytte. Vi fekk ein varm takk frå Ullevål sjukehus.



No har det gått 6 år sidan David forlét oss. Det heile er framleis litt uverkeleg. Det har gått «opp og ned.» Spesielt er nokre dagar vanskeleg, t.d. David sin fødsdag, David sin dødsdag, Julaftan og andre merkedagar.

Det som har vore til stor hjelp er det åndelege og sosiale fellesskap vi har, anten det er i kyrkjelyd, smågruppe, med vener, slekt og mellom meg og kona. Dessutan har eg og kona ikkje «lagt lokk» på sorg og sakn, men snakkar ope om kva vi føler. Vi kan gråte. Vi har fått erfare at «Sorg er kjærighetens pris.»

I byrjinga var eg sint på Gud. «Kvifor Gud?» Ein salme i salmeboka (751) vart til hjelp for meg:

«Herre, måtte dette skje

– Vi ropar ut vårt klagemål.

Vi greier ikkje be. Døden slo så brått og hardt.

Vår von er riven ned. Vi klagar sorga for ditt andlet.»

Og i siste verset (v. 5) står det:

«Herre, du må bli vår trøyst,

i djupet av vårt klagerop vi kjenner att di røyst.

Band frå sorg og kross og død har du, oppstadne,

løyst. Du teiknar trøysta i vårt andlet.»

Eg fekk lov å «ventilere.» Eg fekk erfare at Gud framleis var med meg og ikkje mot meg. Det er ikkje alt vi forstår, men eg får stole på at Gud har omsorg for meg og at Gud er kjærleik.

Å miste David har truleg også ført til at eg har vorte ein betre prest i gravferder. Empatién er aldri langt unna og eg har betre føresetnader enn før til å møte pårørande som har opplevd krevjande dødsfall i sin familie.



Foto: Privat

Ulike hendingar kan skape sorgreaksjonar. Beate Nes har skrive denne artikkelen.

Sorg: Når livet gjer vondt!

Når vi høyrer ordet «sorg» er det lett å tenke på død som årsak. Men sorg kan kome frå så mykje meir enn berre tap av ein persons liv. Den type sorg som ikkje er knyta til død, kan vere like smertefull og utfordrande, om ikkje meir. Likevel får den kanskje ikkje like mykje merksamd, og kan til tider vere prega av skam. Det er så mange ulike situasjonar som kan skape sorg. Her er nokre eksempel:

Tap av relasjonar - Vi menneske er skapt for fellesskap, men av og til vert det vanskeleg. Vi vil så gjerne få det til, men så går det ikkje. Vi sårar kvarandre, og klarer ikkje reparere det. Vennskap tek slutt, og familiarar går i oppløysing. Det gjer vondt og det kan det gjere lenge! Det er viktig å hugse på at det kan gjere vondt, også om det er du som vel å gå ut av relasjonen.

Tap av helse - Livet kan bli endra på eit augeblikk på grunn av ulykke eller sjukdom. Dette kan sette ein stoppar for draumar og planar vi har. Ei omstilling til nye måtar å leve på kan vere krevjande, og mange sørger over det som ikkje vart.

Tap av draumar eller ambisjonar - Planane og draumanne for livet var klare. Vegen var teikna opp, men så skjer det noko som gjer at du ikkje kan takke ja til det tilbodet du fekk, eller barna som du drøynde, om kom ikkje. Å akseptere det kan ta tid, og det kan gjere vondt.

Endring i livssituasjon - Overgangar i livet kan utløyse sorgreaksjonar. Mange fortel om ei sorg når barna flyttar ut, eller når ein går inn i pensjonisttilværet.

Råd for å handtere sorg

Det er ikkje lett å gi råd, og det er viktig å understreke at hjelp i sorg ikkje har nokon fasit, men her kjem nokre moment som kanskje kan vere til hjelp.

- Anerkjenn sorga** - Første skritt er ofte å sette ord på den for deg sjølv. Og så kan det vere godt å dele den med nokon. Å snakke sant om korleis livet vart kan vere sunt, sjølv om det kan gjere vondt. Hugs at det er normalt å vere trist, sint, fortvila og å kjenne på einsemd.



- Søk støtte** - Det er normalt å sørge. Det å ha nokon å snakke med kan vere til stor hjelp. Ofte er det nok å ha ein som kan høyre på deg, og vere der saman med deg. For nokon vil det og vere godt å søke profesjonell hjelp.
- Ta vare på deg sjølv** - Hugs at sorg er slitsamt, både for kropp og sinn. Ta vare på deg sjølv og på kroppen din. Pass på å få i deg sunn mat, litt aktivitet og nok sovn. (Og hugs at det er normalt å ikkje få det til kvar dag, sjølv om vi veit at det er godt for oss.)
- Ta eit skritt om gangen** - Ver tolmodig med deg sjølv. Det er ingen rett eller gal måte å sørge på. Ta den tida som trengst, og konsentrer deg om det som kan gi hjelp i den fasen du er i no.

Kyrie Eleison, Herre hjelp meg!

Dette ropet frå Bartimeus kan også vere vår bøn! Tru er ingen garanti for eit liv utan sorg. Livet vil også gi krevjande dagar, men i trua på Jesus har vi fått ein som har lova vere med aller dagar, og som toler heile livet vårt.

Og så er det vårt håp, at kyrkjelyden, og trua kan vere til trøyst, styrke og hjelp.

Bøner for ulike livssituasjonar: Sjå neste side.

Bøner frå bøneboka bak i salmeboka

Nr 281 Nå er vi splittet

*Gud, vi var en familie og syntes vi hadde det så godt.
Nå er vi splittet.
Vi ser på hverandre med sinne og mistenksomhet.
Det var så mye vi ikke skjørte, Herre, det var så mye
vi ikke ville skjonne.*

Tilgi oss for alt som vi ikke ville se.

Tilgi oss for alle spørsmål vi ikke ville stille.

Tilgi oss for de vanskelige ordene vi ikke våget å bruke.

Takk for sannheten, selv om den smerter.

Hjelp oss å møte hverandre med respekt.

Gi oss mot til å bygge videre på restene av våre liv.

Nr 116 Eg er så einsam

Herre, eg er så einsam! Det gjer vondt. Eg når ikkje fram til andre, det er som om eg levde under ei glassklokke. Du veit korleis det er å vera aleine, jesus. Du veit korleis det er å vera utanfor. Du veit korleis det er å ikkje nå fram. Hjelp meg! Eg veit eg har din venskap, men eg lengtar også etter menneske. Send meg nokon som eg kan verta viktig for, og som kan verta viktige for meg.

Nr 107 Holder du rundt meg?

*Holder du rundt meg Gud - selv når jeg bruker mine siste krefter på å holde meg sammen?
Og hva om jeg ikke greier det- finnes du fremdeles i alt det som da raser sammen? Er det likevel slik at troen, håpet og kjærligheten aldri blir borte, selv om de nå kjennes lengre borte enn alt annet?*

Nr 281 Ny familie

Gud, familien min er blitt større.

Eg har fått sysken

Som eigentleg ikkje er mine sysken.

Eg har fått ein ny forelder

som ikkje er min forelder.

Det kjennes godt, og vanskeleg.

Ver med oss Gud!

Hald oss i handa di!

Nr 121 Utan arbeid

Herre, jeg drømte om et bedre liv enn dette:

Nå står jeg her uten arbeid, som om jeg ikke duger.

*La meg få en sjanse, Gud, til å vise
hva jeg er god for.*

Allehelgensdag

av Henny Koppen

Den fyrste helga i november feirar vi Allehelgensdag i kyrkjå vår. Det er ein dag for å minnast dei som er døde. Mange stader blir dagen markert med ei minnegudsteneste, der dei som har mist nokon i året som har gått, får ein særleg invitasjon. Ein samlast i sorga og saknet, samtidig som ein minnast med glede alt det gode som var, og markerer fellesskapet mellom levande og døde.

Litt historikk

I den katolske kyrkja finst det minnedagar for mange helgenar, slike som vi kjenner namnet på. Også i vår kyrkje feirar vi slike helgendagar, den best kjende er Olsok, som vi feirar til minne om Olav den heilage. Men vi kjenner også til St. Sunniva. Hennar minnedag er 8. juli, og vi feirar dagen med Seljumannamesse på Selja, søndagen nærmest den datoén. Ikkje alle er klar over at vi feirar jonsok til minne om Johannes døyparen, men slik er det altså.

Det vart etter kvart eit behov for å feira alle dei namnlause kristne som hadde stått fram som forbilde, anten ved livet sitt eller ved måten dei døydde på. På slutten av 700-talet vart det difor innført ein allehelgensdag, og dagen vart fastsett til 1. november. I vår lutherske kyrkje har vi halde fram denne tradisjonen, grunngitt i den augsburgske vedkjenninga, i artikkel 21: «*Om helgendyrkelsen lærer de at man kan minnes de hellige, for at vi skal etterligne deres tro og gode gjerninger, enhver etter sitt kall.*»

Så også etter reformasjonen var Allehelgensdag ein festdag, og frå 1770 var han lagt til den fyrste søndagen i november. Den liturgiske fargen denne dagen er kvit, som er festfargen. Fargen markerer det kristne håpet om oppstoda frå dei døde.

Minnedag

I samband med feiringa av helgenane, vart det etter kvart trond for å minnast alle kristne som er døde. Dette blir gjort i ein såkalla minnedag, som ofte fell saman med allehelgensfeiringa i vår kyrkje.

Dagen har blitt ein viktig minnedag for mange av oss, der vi minnast dei som har gått bort. Dei siste tiåra er det blitt meir og meir vanleg å tenne lys på gravene.

For mange er det ei trøyst at lyset er der på grava. Ein tenner lys for å minnast den døde. Lyset som brenn på grava fungerer og som eit symbol på at den døde er med i livet vidare og ikkje gløymt.

Allehelgensdag har dei fleste kyrkjer ei form for minnemarkering, anten i samband med hovudgudstesta eller som ei eiga minnegudsteneste. I vårt område har dei fleste ei minnegudsteneste allehelgensdag. Andre kyrkjelydar har denne minnegudstenesta rett over nyttår. Dette året er allehelgensdagen den 5. november.

Desse to tradisjonane, allehelgensdag og minnedagen er ei markering av at kyrkja sitt fellesskap består både av dei som lever i dag og dei som er døde i det kristne håpet om evig liv. Det markerer vi blant anna i nattverdliturgien med desse orda: «Di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samråysta lovesong».

Allehelgensaftan eller halloween

Kvelden før allehelgensdag, altså allehelgensaftan eller halloween, feirar vi i Norge den 31. oktober. På engelsk heiter denne dagen «All hallow's Eve», forkorta til «Halloween». I irsk keltisk tradisjon trudde ein at denne kvelden var skiljet mellom vår verd og dei døde svakare enn elles, slik at ein kunne merke sjelene til dei døde.

Frå rundt totusenårsskiftet er Halloween også blitt ei folkeleg, men kommersielt prega feiring også her i landet – mykje etter amerikansk forbilde. Det blir arrangert festar, og mange born kler seg ut og går frå dør til dør og ber om godteri. Mange kyrkjelydar har også tatt opp tradisjonen og lagar arrangement for barn og ungdom, til dømes samkommer kalla «Hallo venn!»

I norsk folketru

Primstavmerket for allehelgensdag har vore ein eller fleire krossar, men også eit skip. Skipet skulle symbolisere den kristne kyrkja, men i folkeleg tradisjon blei det

også oppfatta som eit teikn på at skipsfarten skulle avsluttast for året. I heile Sør-Noreg var helgemesseflauen, ein mildvêrsperiode med regn og sludd, venta til allehelgensdag. Kom han ikkje då, meinte ein i Solør at han kunne ventast julekvelden, og i Telemark meinte ein at han ville kome til våren. I Østfold meinte ein at viss det regna på allehelgensdag, ville det vare i sju veker. I Hordaland meinte ein at viss snøen la seg før helgemesse, ville det bli sein vår. I Trøndelag meinte ein at solskin på helgemesse varsla om eit godt år.

På Voss blei dagen kalla for aldersmesse, og han var rekna som den første vinterdagen og den første jaktdagen. I Hordaland hadde den som fann husdyr i fjellet etter allehelgensdag, rett til finnarløn. I Nord-Noreg heitte det at ein var sanndrøymd natta til helgemesse. (Kjelde: Store norske leksikon)

Svein Ellingsen sin salme,

«Midt i alt det meningsløse», NoS 2013 nr 448, uttrykkjer von om trøyst til alle som strevar med sorg og sakn. Siste verset lyder slik:

*Om vi seirer eller synker
skal vårt svake liv bli båret
gjennom liv og gjennom døden.
Gud, vi roper: Du som finnes,
finn oss, redd oss, la din nærlhet
bli vårt lys i tvilens mørke.*

Allehelgensdag 2023 er 5. november.

Oppstryn, Nedstryn og Loen, har ei felles minnegudsteneste i Nedstryn kyrkje kl 11.00.

Hornindal har minnegudsteneste kl 19.00.

Olden har minnegudsteneste kl 11.00

Innvik har minnegudsteneste kl 19.30

Randabygd og Nordsida har felles minnegudsteneste i Randabygd kyrkje kl 20.00

Utvik har si minnegudsteneste på nyåret



Nye beitemarker og nye misjonsmarker



Frode Brügger Sæthre
Misionær, Mali

Foto: Sigurd Egeland, NMS

«I kuldetida kjem eg på besøk til dykk, gjerne i ein månads tid. Då ønskjer eg å få undervisning om Jesus sin veg.» Fulanien som sa desse orda har kuflokkane sine sør-aust i Guinea, medan familien bur over grensa til Elfenbeinskysten. Sjølv om han er født og oppvaksen i Elfenbeinskysten omtalar guineanarane både han og andre fulaniar i området som maliarar. Årsaka er at familiene deira opphavelig kjem frå Mali, og at dei i løpet av 2-3 generasjonar har migrert sørover mot grønne beitemarker.


I snart 40 år har NMS vore med på arbeidet med å dela evangeliet med maliske fulaniar. Dei siste ti åra har arbeidet vorte gjort vanskeleg av ein stadig forverra sikkerheitssituasjon. Militante islamistar, ulike væpna grupper og Mali sin hær angrip kvarandre. NMS støttar misjonærar frå vår kamerunesiske søsterkyrkje som framleis bur og jobbar i landet.

På grunn av den uforutsigbare sikkerheitssituasjonen har misjonen i Mali bestemt seg for å undersøkja mogelegeheita for å jobba blant maliske fulaniar utanfor landet sine grenser. Difor har eg det siste arbeidsåret budd i Guinea, like sør-vest for Mali. Eg har hatt tre fokusområde i jobben som NMS-misionær basert i Guinea:

- Å kartlegga i kva område i Guinea ein finn konsentrasjonar av maliske fulaniar.
- Å etablera ein stad nært Mali der me kan ta imot folk for fellesskap og undervisning.
- Å byggja relasjoner og tillit til guineanske kyrkjer og kristne.

Dette arbeidet gjer eg saman med ein kristen fulani frå Mali, som lenge har hatt kyrne sine i Guinea.

Nyleg var me på besøk i sør-aust Guinea, invitert av ein guineansk misjonær som tipsa oss om at det er mange maliske fulaniar i området. Me fann at den vesle byen han bur i er full av maliske fulaniar. Mange er der med kuflokkane sine, medan andre jobbar som gjetarar.



Dei fleste har kome via Elfenbeinskysten, medan andre har kome direkte frå Mali. Dei fleste har familiene sine i Elfenbeinskysten, medan andre bur i Guinea saman med familiene sine. Me møtte flest folk med bakgrunn frå Mopti-regionen, men også folk frå Segou- og Koulikoro-regionane.

Dagane vart nytta til å bli kjent med folk på to av dei faste møteplassane til fulaniane i byen: ved eit apotek for dyremedisinar og på ei matte under eit mangotre. Om kveldane kom folk på besøk til oss. Fleire personar signaliserte interesse for å få undervisning i kristen tru. Ein ung rik mann (i form av mange kyr) vart med oss tilbake til nord-Guinea for å få bibelundervisning nokre dagar. Før han reiste sørover igjen uttrykte han eit ønskje om å følgja Jesus, og at han vil koma tilbake etter regntida for meir undervisning.

Etter besøket i sør-Guinea er me oppmuntra og har fått nytt håp for arbeidet blant maliske fulanarar basert i Guinea.





«Krøllesamling»

for 2-åringane ute i det fri, ved speidarane sin gapahuk - og JA, «Krølle» kom også!

«1.klasses»

både i Olden og i Nedstryn, med Beate, Andreas, Anders, Henny og Kaare. Då er der fest med ballongar, såpebobler og sang og musikk.

Det er veldig fint når foreldre tek med barna sine til samlingar som er ein del av dåpsopplæringa i kyrkja, der barna får høre om Jesus.

Foto: Kyrkja i indre Nordfjord



Nedstryn kyrkje

- «den andre altartavla»

av Jarle Hessevik

Altartavla i Nedstryn (hovudtavla) er tidlegare presentert i Kyrkjeklokka, men kanskje ikkje alle kjenner historia om «den andre altartavla».

Då den noverande kyrkja vart bygd og innvigd i 1858, vart det ikkje laga ny altartavle og den gamle vart vurdert som så därleg at ho vart lagd på kyrkjeloftet. Difor vart det sett opp ein forgylt kross på altaret. Den-



ne krossen vart ståande lenge og først etter 1900 kom diskusjonen opp om ny tavle. Men alt var kostbart og diskusjonen kom til å dreie seg om ein skulle skaffe orgel eller altartavle. Pengar til orgel vart innsamla som gav frå stryningar i Amerika, og då starta arbeidet med å få ei ny altartavle.

Ferdinand Kierulf Tranås, kunstmålar som budde i Stryn i mange år, fekk oppdraget og tar måla «den andre altartavla». Snikkarmester Erling Bø teikna og laga råma, i gotisk stil. Tavla vart innvigd påskedag 1919.

Motivet er frå Jesu oppstode og såleis symboltungt i seg sjølv og er inspirert av Adolph Tiedemand sitt kjende altarbilde. Då er det naturleg at vi finn andre tavler som også er inspirert av Tiedemand. Det finst ca 70 kopiar rundt om i norske kyrkjer, t.d. i Tromsø domkirke, men originalen finn vi Bragernes kyrkje i Drammen.

Tranås si tavle fekk ei kort levetid på altaret i Nedstryn, for i 1931 fekk sokneprest Eriksen henta ned den gamle tavla som hadde vore lagra på loftet og, etter vedtak i soknemøte, sett opp på prøve. Dette vedtaket står enno. Tranås si tavle heng no på nordveggen i korpartiet.



Tavlene i Tromsø domkirke
(over) og Bragernes kirke t.h.



Sommarbingo 2023

I sist nummer av Kyrkjeklokka delte vi ein sommarbingo.

Takk for mange koselege tilbakemeldingar frå både vaksne og born som har kost seg med sommarbingo. Det ser ut som om dette har vore ein fin aktivitet for besteforeldre og barnebarn.


Kanskje kjem det nye oppgåver neste år.

Beate kateket



Min salme

- Berta Urke Berge



Ingen er så trygg på ferda

Av Lina Sandell

*Ingen er så trygg på ferda
som Guds barneflokk i verda,
Ingen fugl så vel er verna,
inga himmelsol og stjerna.*

*Herren sine trugne lagar
kvilestad i Sions hagar,
Over dei han seg forbarmar,
ber dei høgt på faderarmar.*

*Naud og lukka til vil falla,
Herrens hand skal fast oss halda.
Som ein ven han sine aktar,
han er deira skjold og vaktar.*

*Han i nåde ut oss valde,
våre hovudhår han talde.
Han oss føda vil og kleda,
midt i sorga gjeva gleda.*

*Gled deg då du vesle skare,
Jakobs Gud skal vel deg vare.
For hans vilje og hans velde
dine fiendar vert felde.*

*Sjå dei gode faderhender
både med og motgang sender.
Men hans vise råd er milde:
berre vel han barnet ville.*

Dette er ein salme mange av oss har som minne både frå søndagsskule og i andre samanhengar. Vi tenkjer gjerne på den som ein barnesang, men han har i seg gode sanningar om Guds faderomsorg som i alle fall eg treng om og om igjen.

I omskiftande tider og livssituasjonar er det ofte vanskeleg å sjå og føle denne faderomsorga. Det er lett å tape av synet kven det er som oversikta og makta.

I Johannes Openberring 4.2 står det: «*Og sjå i himmelen stod det ei trone, og det sat ein på trona*».

I same boka kap 1,17 står det: «*Eg er den første og den siste, eg var død, men sjå eg lever*». Vi kan sette vår lit til han som er den Levande Gud og tru at «han i nåde ut oss valde».

Våre kjensler og livssituasjonar er i endring heile livet. Verda rundt oss er i endring. Midt i alt dette får vi tru at vi er i hans omsorg og teneste som skapte oss og elskar oss.

**Ein song frå Sangboken, av Sigvard Engeset,
seier dette på ein annan måte:**

*Ikke alle dager er like,
alle ei på glede er rike,
Ikke hver en dag nyter sjelen samme ro,
men hver en dag jeg kan på Jesus tro.
Halleluja, halleluja,
at hver en dag jeg kan på Jesus tro.*


*Ikke alle dager er lette,
noen vil på prøve meg sette.
Ikke hver en dag er mitt hjerte fylt av fred,
men hver en dag Guds nåde varer ved.
Halleluja, halleluja,
men hver en dag Guds nåde varer ved.*

*Ikke alle dager er klare,
stundom jeg i skodde må fare.
Ikke hver en dag kan jeg Herrens vei forstå,
men hver en dag jeg kan til Jesus gå.
Halleluja, halleluja,
men hver en dag jeg kan til Jesus gå.*

*Ingen dag jeg nåden er verdig,
hver en dag jeg er dog rettferdig.
Skulle så en dag synes særlig tung og slem,
den fører meg dog nærmere mitt hjem.
Halleluja, halleluja,
den fører meg dog nærmere mitt hjem.*

Då kan vi alle dagar leve i takk og tillit til han som skapte oss og frelse oss.

Eg utfordrar Solveig Askeland Gjørven til
å skrive «Min salme» i neste nr.



Oddny under open himmel

Forfølging

Dei siste månadene har eg blant anna lese nokre rapportar frå ulike organisasjonar. Det gjev kunnskapar om tilstanden i ulike land. Mange statistikkar vert laga.

Her ein dag fekk vi vite i dagsnytt at FN gjekk ut med at 178 land har lover som diskriminerer kvinner.

Når vi høyrer ordet forfølging, tenkjer ein oftast på personar eller grupper som vert diskriminerte på grunn av trua, og det er mange millionar i verda. Det er ikkje berre kristne som vert forfølgde, også folk frå andre trussamfunn.

Åpne Dører har i 30 år publisert lister, World Watch List, over land med mest forfølging.

Fra 2002 har Nord-Korea stått som nr. 1. Der er alle religionar forbodne. Landets leiarkult er på mange måtar som statsreligion. Der er det forbode å høyre på, ta opp, eller distribuere utanlandske radiosendingar, forbode å importere og distribuere opptak, videoar, bøker og musikk som staten ikkje har godkjent.

Lova har gjort at mange kristne har vorte arresterte og hus kyrkjer vert stengde. 50 000 - 70 000 kristne er fengsla i arbeidsleirar med tortur og tvangsarbeid.

Det er ulovleg å eige ein Bibel, og det er umogeleg å drive tradisjonell misjon i landet.

Ingen stad i verda aukar valden så raskt og sterkt mot kristne som i Latin-Amerika. Fire land er no inne på World Watch List frå denne regionen.

I Vest- og Sentral-Afrika vert kristne tvinga på flukt. Mange kvinner vert utsette for seksuelle overgrep, og kristne menn kan verte drepne.

I Nord-Afrika lever mange åleine og i skjul med trua si. Dei kan bli utviste frå heimen og familien.

Fleire område kunne ha vorte nemnde.

Ei enkel skildring av forfølging

Ei kvinne serverte på ein restaurant. Ho var nedfor og fortvila. Eit kristent par ved eit bord kom i samtale med ho. Det enda med at dei gav ho eit Nytestamente som ho tok med seg heim. Ho vågde ikkje å seie noko om det til bestemora. Foreldra var døde. Systera hennar såg at ho bladde i boka og spurde kva ho las. Ho svarte. Systera vart rasande, treiv boka, reiv ho sund og låste kvinna inn på eit rom. Heldigvis hadde ho telefonen sin med seg. Ho ringde til ei veninne. Ho kom, og saman greidde dei å opne vindaugelet slik at ho kom seg ut, og ho rømde.

Dei siste tiåra har vi teke imot mange flyktningar. Nokre har frykta frå krig og nokre p.g.a. forfølging.

I Flyktningkonvensjonen heiter det at ein person kan ikkje sendast tilbake til heimlandet dersom han risikerer å bli forfølgd der.

Vi har ansvar over for dei forfølgde

Kyrkjelydar, barnehagar, kristenrussen og enkeltpersonar engasjerer seg.

Det vert avvikla Misjonsveke i Oslo med fokus på forfølging.

Fakkeltog vert arrangert i samarbeid med Åpne Dører. I 2022 var det tog i 26 byar og tettstadar. I 2024 har Utanriksdepartementet løyvt 28 mill. kr. til målretta tiltak for trusfridom for alle.

Eg avsluttar med eit vers av J. M. Bruheim:

*I skogen eg gjekk og rusla
så tanketung og sår
og tenkte på all urett
som her i verda rår.*

Vi har krig og forfølging, men her er framleis von i verda.



Konfirmantar i Hornindal 2023



Fremste rekke frå venstre: Alida Louisa Veras Kobberstad, Linnea Espe, Amalie Hatledal Svår

2. rekke: Kevin Evensen, Malin Melvoll Muldsvor, Thea Emilie Hole Bakke, sokneprest Per Kristian Hovden Sætre

3. rekke: Mathias Espe Lødøen, Liam Amani Ngare Lødøen, Sokrates Stokkeland, Aksel Cornelius Sollid Seljeset

4. rekke: Even Johan Isane-Raad, Gabriel Frøysa, Joakim Svarstad Espe

Foto: Stefine Marie Skare

Her er sokneråda dei komande 4 åra, valde den 11.09.23

Kyrkjeklokka ønskjer lukke til med eit viktig arbeid for kyrkja, bygda og folket som bur der.

INNVIK:

Jan Terje Reme
Sofie Amalie Heggdal
Torill Olaug Bennæs
Wenche Sunde
Aud Elisabeth Skrede
Liv Kristin Skåden

Varamedlemmer:

1. Wiviann Sørensen
2. Kjell Mortveit
3. Frank Skogstad
4. Annelene Hopland
5. Bente Drageset



LOEN:

Roald Sanden
Olav Lars Rake
Dag Sivert Nesdal
Inger Martha Loen
Magnar Sæten
Eldrun Olianna Drageset

Varamedlemmer

1. Lars Arve Loen
2. Trude Emma Fløtre
3. Alfred Loen
4. Tone Lise Westervik Myren
5. Maria Loen



RANDABYGD:

Elmar Hopland
Hildegunn Rand
Rolf Magne Aaland Hellevang
Elin Aasen Tytingvåg

**Varamedlemmer:**

1. Anne-Marie Hunskår Hopland
2. Dag Finn Hopland
3. Ann-Elin Brekke Kandal
4. Oddny Dybevoll Aaland

STRYN:

Sissel Tonning Brekke

Endre Bø
Silje Kristin Frøysa
Hilde Margrethe Ullebø Hool
Ingeborg Bøe Eimhjellen
Bente Irene Frøholm
Kristin Loen Hool
Alf Martin Almskår

**Varamedlemmer:**

1. Gunn Karin Norlie
2. Ard Mikal Kleppe
3. Vivian Tvinnereim Sæverhagen
4. Henriette Blaalid
5. Arve Aabrek

NORDSIDA:

Per Erik Ulvedal
Arve Sølvberg Slettenes
Anne Agnes Blakset Nytn
Svein Arild Bergset
Anita Roset
Nancy Britt Ulvedal

**Varamedlemmer:**

1. Ellinor Helene Dirdal Roset
2. Alf Edvard Roset
3. Janne Trude Roset
4. Tor Åge Berglid
5. Dag Ulvedal

OLDEN:

Gro Birgit Øyaland Egset
Jon Olav Kvamme
Arne Jostein By
Alvhild Flåten
Sigrid Egdetveit Skarstein
Johanna Sandøy Skarstein
Arild Hafsås
Else Pernille Fredheim

**Varamedlemmer:**

1. Kari Johanne Kvamme
2. Anette Sunde Brynestad
3. Ole Solheim
4. Eli Anne Skarstein
5. Gunnar Eikemo

OPPSTRYN:

Kathrina Elisabeth Flo
Beate Øvreberg Glomnes
Olaug Petra Samuelsen Mork
Dag Greidung
Astrid Palma Sandvik
Bjørg Janne Flo

**Varamedlemmer:**

1. Magnus Arne Glosvik
2. Kari Nielsen Berge
3. Edvard Aarnes
4. Johnny Stølen
5. Ruth Guddal

UTVIK:

Leiv Tore Kårstad
Jofrid Rye Hestenes
Torunn Solheim
Carl Wilhelm Hage
Tove Karin Haugen
Unni Verlo

**Varamedlemmer:**

1. Tanja Selbervik Hage
2. Jarle Kloster
3. Renate Lillevik Kjellevold
4. Elisabeth Verlo
5. Veronica Hilde

HORNINDAL:

Hornindal sokneråd:
Silje Hjellbakk Hole
Elsa Aslaug Ommedal
Harald Svein Vartdal
Anne Birthe Straumsheim Hofseth
Aud Kobberstad
Patricia Sofie Ekblom

Varamedlemmer:

1. Cathrine Kongsjord
2. Audun Gausemel
3. Marit Hunvik Solvik
4. Arvid Sølvberg

 STRYN ENØK AS

TOSHIBA VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no

EF 842/2006
F-GASS SERTIFISERT FORHANDLER



Catering: koldtbord, snittar, kaker m.m.

Fødselsdagar, selskap, møte og kurs.

Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS
6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90

E-post: post@innvikfjordhotell.no
www.innvikfjordhotell.no



Hjelmeland
BEGRAVELSESBYÅ
Til hjelp i sorga sidan 1978



Bjørn Solvik



Tone Lise Loen



Mariann Johansen



Odd Kåre Hjelmeland

**Vi er her
når de treng oss som mest,
og hjelper dykk med
å lage ei personleg, fin
og verdig gravferd.
Slik som de ønskjer.**

905 50 905
www.hjelmeland.as

Frå Nordsida sokn:

Bispebesøk og 50-år jubileum




Foto: Kyrkja i Indre Nordfjord (nettseite)

Nordsida kyrkje er den yngste av kyrkjene i Stryn, men i år er det 50 år sidan den blei innvia, og det vil bli markert i to omgangar. Det blir først ei mindre markering torsdag den 23. november når vår nye biskop, Ragnhild Jepsen, kjem til Nordfjord. Då blir det gudsteneste kl 18 i Nordsida kyrkje med biskopen. Nærare program kjem, men merk dykk datoene. Biskop Ragnhild reiser rundt på besøk til alle prostia i bispedømmet for å bli kjent, og gudstenesta i Nordsida er ei del av denne reisa. 50-års jubiléet var eit høve til å leggje besøket til Stryn og Nordsida.

Kyrkja vart vigsla den 9. desember 1973 og den store markeringa blir helga 9-10. desember. I år, som for 50 år sidan, er det 2. søndag i advent. Nordsida kyrkjelyd legg særleg vekt på arbeidet for barn og barnefamiliar, dette arbeidet er difor også ei naturleg del av jubileumsfeiringa. Heile helga blir det aktivitet i kyrkja.



Biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen, kjem.

Foto: Bjørgvin bispedømme

Laurdag 9. desember:

14:00 Konserthall. Etter konserten blir det kaffi, kaker og helsingar.

18:00 Lys Vaken for barna frå Nordsida og Randabygd sokn

Søndag 10. desember:

11:00 Jubileumsgudsteneste saman med bl.a. barna frå Lys Vaken, Barne-gospel og andre.

Jubileumsmiddag etter gudstenesta med kavalkade frå kyrkjas historie, helsingar og anna. Opplysningar om påmelding til middag kjem seinare.

Julebasar

Det blir nok julebasar for Nedstryn i år også, på vanleg stad og til vanleg tid:

Laurdag 2.desember i Betania.

Følg med på annonseringa.



Påfyll

søndagsskule for vaksne

Tysdag 29. August
kl 20.00 i Betania

Tema:
Emmaus-vandrarane
og gudstenesta

Gratis og uforpliktande.
Haustens tema
er bibelske personar.

Datoar i haust:
26.9 og 31.10 i Betania
og 28.11 i Solvang

VELKOMEN!



DEN NORSKE KIRKJA

Fjordferd BEGRAVELSESBYRÅ STRYN • VOLDA • STAD

Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-tilføyinger

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Vi les Bibelen saman!

Bibelen er ein skatt!


Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen presenterer Kyrkjeklokka nokre av dei kjende bibelhistoriene. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

ved Andreas Kråkenes

Jesus og Bartimeus

Gjenforteljing av Markus 10.46-52

Då Jesus gjekk rundt på jorda treftet han mange forskjellige menneske. Nokre syntest det var spennande å høre det Jesus fortalte om, og ofte var det mange menneske rundt han og disiplane.



Ein dag da Jesus var ute saman med disiplane sine og ei stor folkemengd, sat der en mann som het Bartimeus lang vegen. Han var blind og spurde folk om pengar. Då han høyrde at det var Jesus som kom gåande ropte han. *“Jesus, Davids son ha barmhjertighet med meg!”* Nokre av dei som var der hysja på Bartimeus og sa at han skulle vere stille, men Bartimeus ropte endå høgare. *“Jesus, Davids son ha barmhjertighet med meg!”*.

Då Jesus høyrde ropet, stoppa han og fekk Bartimeus til å komme fram til seg. Han spurde, *“kva vil du eg skal gjere for deg?”*. Då svara han *“Herre, at eg kan få sjå”*. Jesus svara *“Gå av stad, trua di har frelst deg”* og med det same kunne Bartimeus sjå att, og han gjekk vidare saman med Jesus.

Samtaleforslag

- Korleis trur du Bartimeus følte seg då han fekk synet tilbake?
- Er det noko du kan spørje Jesus om å gjere for deg eller andre i dag?

HEMMELIG MELDING!

Dagens hemmelige melding til tårnagentene:

የለጻ ወደ እቅድ!

Det mystiske tårnagentalfabetet:

አ	ብ	ር	ኅ	ኈ	኉	ኊ	ኋ	ኌ	ኍ	኎	኏	ኑ	ኒ	ና	ኔ	ን	ኖ	ኗ	ኘ	ኙ	ኚ	ኛ	
A	B	C	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	Y	Z

AGENTKRYSS

Helligdag i Johannes 5,10

1.

By i Johannes 5,1

2.

Bygning i Lukas 2,46

3.

Dyr i Johannes 12,14

4.

Himmelretning i Matteus 12,42

5.

Fugl i Matteus 3,16

6.

Mann i Lukas 23,1

7.

I Agent-kryssordet skal du berre
bruke Det nye testamentet
(Bibelselskapet 2011). Markus
2,11 betyr kapittel 2, vers 11 i
evangeliet etter Markus.
Løysinga på kryssordet finn du i
dei blå ringane.



Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning:
Claudia Chiaravalotti



Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gjemt namna på 10 forskjellige
musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og
nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å






Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene (pr 06.09.)

Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn

Loen	Hornindal	Nedstryn
Døypte: 13.08. Hedda Hoel Gjørven For. Isabel Sunde Hoel og Mats Nesje Gjørven 13.08. Tomine Gjørven Opheim For. Mathilde Nesje Gjørven og Jan Roger Opheim Oliversen 13.08. Nora Sæten Allesøe For. Dagny Sæten og Emil Richard Allesøe Døde: 29.08. Asgeir Loen f. 1933	Døypte: 25.06. Solfrid Strømsheim Fannemel For. Hilde Alise Waage Strømsheim og Brede Fannemel 25.06. Sigrid Tofte Lunde For. Camilla Rudi Tofte og Petter André Lødemel Lunde 06.08. Lars Gausemel Solheim For. Elise Bøe Gausemel og Hans Thomas Solheim 06.08. Pernille Molnes Gausemel For. Nina Merete Bøe Gausemel og Alexandere Tonning Molnes 20.08. Sofia Løvliid Blaalid For. Trine Bruheim Løvliid og Bernt Blaalid Vigde: 10.06. Siri Lunde Raftevold og Tormod Andre Fjellvang 24.06. Lina Rebekka Kobberstad og Kristoffer Haugen 24.06. Siri Vikne og Olav Houm Otterdal 29.07. Julie Synnøve Kahrs og Nikolai Emil Bakka	Døypte: 30.07. Emma Blaalid Håvik For. Elianne Fure Håvik og Erik Blaalid 20.08. Iben Strøm Nesje For. Lotte Kristine Strøm og Jørund Dolen Nesje 20.08. William Magenbauer Kjøsnes. For. Vilde Kjøsnes og Mathias Magenbauer 26.08. Noah Skåre Bruheim For. Marianne Høynes Skåre og Simen Løvliid Bruheim 03.09. Liam Lunde Krossen For. Benedikte Lødøen Lunde og Eirik Arneberg Krossen Vigde: 10.06. Gunhild Holen Eimhjellen og Fredrik Knapskog 17.06. Elin Håberg og Haavard Vedelen Nøst 24.06. Linn Katrin Gjerde og Espen Aune Ulen 15.07 Karen Oline Kolstad og Isak Bergset 26.08. Ingvild Muri og Alexander Hopland
Døde: 05.06. Ola Auolem f. 1930 14.06. Anders Skarstein f. 1940 17.08. Egil Støle f. 1927 23.08. Else Karin Kästel Yri f. 1940 01.09. Per Solheim f. 1926	Døde: 09.08. Knut O. Lødøen f. 1934	Døde: 05.06. Oddvin Bø f. 1936 09.07. Kenny Tonning f. 1922 15.07. Lillian Myklebust f. 1940 19.07. Rolv Vik f. 1930 13.08. Oddrun Kirkeeide f. 1927 26.08. Karen Oddny Sandbakk f. 1955 30.08. Sverre Førde f. 1929
Oppstryn	Randabygd	
Døypte: 10.06. Odin Guddal Frøysedal For. Mari Taraldsen Guddal og Lars Petter Frøysedal	Døypte: 29.07. Thelma Henden Tholin og Anton Henden Tholin For. Rebecca Tholin og Øyvind Henden Døde: 27.06. Roger Aaland f. 1982	
Utvik		
Ingen meldingar		



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avis "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på Facebook: **Kyrkja i Indre Nordfjord**

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

24. sept; 17. s i treeiningstida

- Joh 11,17-29 og/eller 30-46
- Olden 11:00 Hausttakkefest
Utdeling av 4-årsbok
- Nordsida 11:00 Hausttakkefest
Utdeling av 4 årsbok

01. okt; 18. s i treeiningstida

- Matt 8,14-17
- Nedstryn 11:00 Hausttakkefest
Utdeling av 4-årsbok
- Utvik 11:00 Hausttakkefest
Utdeling av 4-årsbok

Nordsida

Døypte:

- 03.09. Amalie Nordnes Bergset**
For. Hilde Tverberg Nordnes og
Endre Aarøen Bergset
- 03.09. Agnes Nytun Roset.** For. Åse-
Berit Nytun og Per Vidar Roset

Vigde:

- 15.07. Ellinor Helene Roset og**
Tor Arild Dirdal

Døde:

- 13.07. Ola Nygård f. 1936**
- 16.07. Målfrid Sølvberg f. 1928**
- 10.08. Lars Bergset f. 1946**

Innvik

Døypte: (mangel i nr.2)

- 26.02. Jenny Hage Brendefur**
For. Ingebjørg Hage og Jon Kristian
Brendefur

Døde:

- 23.06. Jorunn Kjellevold f. 1959**

- Randabygd 11:00 Hausttakkefest Utdeling av 4-årsbok

- Hornindal 11:00 Hausttakkefest
Utdeling av 4-årsbok

08. okt; 19. s i treeiningstida

- Matt 5,20-26
- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste

15. okt; 20. s i treeiningstida

- Joh 11,1-5
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Konfirmantjubileum
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

22. okt; 21. s i treeiningstida

- Matt 22,15-22
- Loen 11:00 Hausttakkefest
Utdeling av 4-årsbok
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
Presentasjon av dei nye
konfirmantane

29. okt; Bots- og bededag

- Luk 13,22-30
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Ljosheim 11:00 Gudsteneste
- Oppstryn 20:00 Kveldsgudste-
neste/ Syng med oss

05. nov; Helgemessesøndag

- Matt 5,1-12
- Minnedag**
- Joh 6,37-40
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Minnedag for Nedstryn, Oppstryn
og Loen

- Olden 11:00 Minnegudsteneste

- Hornindal 19:00 Minnegudsteneste
- Innvik 19:30 Minnegudsteneste
- Randabygd 20:00 Minne-
gudsteneste

12. nov; 24. s i treeiningstida

- Joh 6,63-69
- Loen 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste

19. nov; 25. s i treeiningstida

- Mark 2,1-12
- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Nedstryn 19:00 Kveldsmesse

23. Nov; Torsdag

- Nordsida 19:00 Kveldsgudsteneste
Biskop Ragnhild Jepsen vert med

26. nov; Kristi kongedag/ domssøndag

- Matt 25,31-46
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

03. des; 1. s i adventstida

- Luk 4,16-22a
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Lys Vaken
- Olden 11:00 Gudsteneste.
Lys Vaken
- Rand grendahus 12:00 Gudstene-
ste og basar
- Hornindal 19:00 Lysmesse





Informasjon/ Fulldistribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

Her skjer det noko. Bli med!

LYS VÅKEN


ADVENTSNATT I KYRKJA

Hei! Har du lyst å være med på noko spennande? Kva trur du om å **overnatte** i kyrkja? Går du i 5. eller 6. klasse har du ei unik sjanse til å gjere nettopp det! Vi skal blant anna leike, bli kjende med kvarandre, synge, førebu gudsteneste, utforske kyrkja, gå i fakkeltog, ete god mat og sist,- men ikkje minst, overnatte i kyrkja! (Du kan sjølvsgart vere med utan å overnatte).

Meir informasjon om påmelding kjem, så sjekk **stryn.kyrkja.no** eller **Kyrkja i indre Nordfjord** si facebook-side.

Kva betyr det å være lys vaken? Namnet «Lys vaken» handlar ikkje om at vi skal være vakne heile natta, men at vi skal være vakne overfor Gud, kvarandre og oss sjølv. Ikkje minst kan vi oppleve at Gud er Lys vaken for oss. Advent handlar jo nettopp om lyset som kom til verda. Dette skal vi feire – i tillegg til at 1. søndag i advent markerer starten på eit nytt kyrkjeår.

Nedstryn, Olden & Loen 2.-3. desember - Nordsida & Randabygd 9.-10. desember



Bilde frå tidlegare
LysVaken-samling



Kyrkja i indre Nordfjord stryn.kyrkja.no

Neste nummer får du i posten 29.- 30. nov . Redaktør vert: Knut Sigurd Gald
Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til: knut.gald@enivest.net innan 27.10.